

Kvalitetstandard for helse- og  
omsorgstenester  
Volda kommune  
Vedteken av Volda kommunestyre  
28.11.2024.

## Innleiing

### Verdiar i Volda kommune

Verdiar i Volda kommune

- Raus - vi skal vere rause mot kvarandre
- Modig – vi skal vere modige
- Kompetent- vi skal vere kompetente
- Lærande – vi skal vere ein lærande organisasjon.

Verdiane skal vise veg og vere ei rettesnor i alt vår arbeid.

### Målsetting for helse- og omsorgstenestene i Volda kommune

Hovudmålet til den kommunale helse- og omsorgssektoren er å gje tenester med god kvalitet gjennom brukardeltaking og kompetente medarbeidarar, kombinert med at tenestene blir gitt innanfor vedtekne økonomiske rammer.

Saman med sentrale føringar er dette dokumentet meint å vere rettleiande for kommunen sine innbyggjarar og tilsette. Målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenestene som vert ytt med bakgrunn i myndigheitskrav, politisk prioritering og faglege og juridiske vurderingar.

Ein tenestestandard er å forstå som ei skildring av omfang og innhald i ei teneste. Standardane skal vidare seie noko om formålet med tenesta, samt målgruppe og vilkår for tildeling. Dei skal også seie noko om kva tenestemottakarane kan forvente seg av kommunen, og kva kommunen kan forvente av tenestemottakarane.

### Organisasjonskart sektor helse- og omsorg

[Organisasjonskart\\_HelseOmsorg\\_050424 utan namn.pdf](#)

### Kommunen sitt ansvar

Kommunane har overordna ansvar for organisering og fordeling av heilskaplege koordinerte helse- og omsorgstenester lokalt i sin kommune.

Kommunane har planleggings- og driftsansvaret for tenestene. Dette gjeld også det faglege og økonomiske ansvaret, samt arbeidsgjevaransvaret for dei som arbeidar der. I samsvar med internkontrollforskrifta; [«Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten»](#) skal kommunane sørge for systematiske tiltak som sikrar at aktivitetane i verksemda vert planlagd, organisert, utført og vedlikehalde i samsvar med dei krav som er fastsatt i helse- og omsorgstenestelovgivinga.

Helse - og omsorgstenestelova § 3-1 slår fast kommunane sitt ansvar:

*«Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester.*

*Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.*

*Kommunens ansvar etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift. Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om pliktens innhold.»*

### *§ 1-1. Lovens formål*

*Lovens formål er særlig å:*

- 1. forebygge, behandle og tilrettelegge for mestring av sykdom, skade, lidelse og nedsatt funksjonsevne,*
- 2. fremme sosial trygghet, bedre levevilkårene for vanskeligstilte, bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer,*
- 3. sikre at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre,*
- 4. sikre tjenestetilbudets kvalitet og et likeverdig tjenestetilbud,*
- 5. sikre samhandling og at tjenestetilbudet vert tilgjengelig for pasient og bruker, samt sikre at tilbudet er tilpasset den enkeltes behov,*
- 6. sikre at tjenestetilbudet tilrettelegges med respekt for den enkeltes integritet og verdighet og*
- 7. bidra til at ressursene utnyttes best mulig.»*

*Kommunens «sørge for – ansvar» etter første ledd inneberer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at tenesta sitt omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift.»*

*Lov om pasient- og brukarrettigheter § 2-1a seier noko om rett til naudsynt hjelp frå kommunen:*

*§ 2-1 a. Rett til nødvendig hjelp fra kommunens helse- og omsorgstjeneste*

*Pasient og bruker har rett til øyeblikkelig hjelp fra kommunen, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-5.*

*Pasient og bruker har rett til nødvendige helse- og omsorgstjenester fra kommunen.*

*Pasient og bruker har rett til et verdig tjenestetilbud i samsvar med helse- og omsorgstjenesteloven § 4-1 første ledd, bokstav b.*

*Kommunen skal gi den som søker eller trenger helse- og omsorgstjenester, de helse- og behandlingmessige opplysninger vedkommende trenger for å ivareta sin rett.*

*Kongen kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om hva som skal anses som helse- og omsorgstenester som pasient og bruker kan ha rett til.*

## Ord og uttrykk

- Tenestemottakar – den som får tenester
- Tenesteytar – kommunalt tilsette som utfører tenester
- Omsorgsytar - føresette og pårørande som yter omsorg
- [IPLoS- ein nasjonal standard for registrering av omsorgsdata](#)
- [KPR – Kommunalt pasient- og brukarregister](#)
- Ansvarsgruppe – møtepunkt med brukar på tvers av fag- og sektorgrensar
- Individuell plan – overordna plan for å koordinere tenestene for brukaren
- Koordinator – ansvarleg for individuell plan og leiging av ansvarsgruppe
- LEON- prinsippet – lågaste effektive omsorgsnivå

## Innsatstrapp og bustadtrapp

Innsatstrapp og bustadtrapp er under utarbeiding, og vil bli lagt inn når denne er ferdig handsama.

## Velferdsteknologi

Velferdsteknologi er teknologi som skal bidra til tryggleik og meistring i kvardagen. Volda kommune tilbyr velferdsteknologi til sine brukarar slik at dei skal meistre kvardagen sin best mogleg. Eksempel på slik teknologi er tryggleiksalarm, GPS (mobil tryggleiksalarm med sporing) og medisindispenser.

Kommunen nyttar også velferdsteknologi som arbeidsreiskap for dei tilsette slik at dei kan gje gode og tilpassa tenester. Eksempel på dette er digitale tilsyn og digitale arbeidsplaner.

I denne kvalitetsstandard er tryggleiksalarm, GPS og digital heimeoppfølging nemnd som eigne tenester, medan dei andre teknologiane er nemnd under dei tenestene som nyttar teknologien.

Ein kan lese meir om velferdsteknologi på [kommunen si heimeside](#)

## Om sakshandsaming

### Grunnlag for tildeling

Volda kommune ønsker å:

- Sikre søkar ei individuell og tverrfagleg vurdering av behovet for helse- og omsorgstenester
- Sikre at brukarmedverknad er i fokus både i tildeling av og utforming av tenestetilboda. Spørsmålet «Kva er viktig for deg?» skal stillast i alle konsultasjonar.
- Tenestemottakarane skal få informasjon og støtte, slik at dei kan delta aktivt i vedtak som vedkjem dei sjølve.
- Tildele rett hjelp, til rett tid, på rett stad, i rett mengde, med mål om å støtte opp om den einskilde sine eigne ressursar og eiga evne til å meistre kvardagen både i og utanfor heimen
- Hjelpe tenestemottakar til å bu lengst mogeleg i eigen bustad
- Tildele tenester i tråd med lågaste effektive omsorgsnivå (LEON), innanfor gitte økonomiske rammer

## Sakshandsaming i Volda kommune

- Søknad om helse- og omsorgsteneste skal handsamast etter aktuelle gjeldande lover, reglar, forskrifter, politiske føringar og i samarbeid med søkar
- Søknaden må vere signert av søkar, evt. med fullmakt dersom andre skal søke på vegne av søkar. (eige skjema knytt til søknaden eller t.d. gjeldande framtidfullmakt)
- Sakshandsamar i kommunen tek kontakt med søkar/tenestemottakar for kartleggingsamtale seinast tre veker etter at signert søknad er mottatt
- Det vert gjennomført IPLOS – kartlegging i samarbeid med søkar/pårørande. Behovet for supplerande kartlegging vert vurdert i kvart enkelt tilfelle
- IPLOS informasjonsbrosjyre blir levert ut til søkarar og gjennomgått ved behov
- Første vedtak vil ofte vere eit kort utprøvningsvedtak (frå ei veke inntil seks månader) der framtidig tenestebehov blir vurdert
- All datainnsamling vert dokumentert og teken med i vurderinga av tenestebehov
- Søknader og personlege opplysningar vert behandla konfidensielt og er omfatta av teieplikta
- Søkar/tenestemottakar skal i møte med helse- og omsorgstenestene få god informasjon om tenester, rettar og plikter, samt god service prega av tilgjengelege og imøtekomande personell
- Ved behov for nødvendig helsehjelp etter sjukehusinnlegging eller akutt behov for nødvendig helsehjelp utan sjukehusinnlegging, vil kommunen vurdere kva tiltak/tenester som skal ytast.
- Vedtak om tenester vert evaluert jamleg, minimum ein gang per år. Ved endring av behov skal tenestemottakar gje melding til kommunen.

## Klage på vedtak

- Brukar eller brukaren sin parts-representant kan klage på enkeltvedtak og avgjersler om helse- og omsorgstenester.
- Næraste pårørande har ikkje klagerett utan skriftleg fullmakt frå brukar/pasient.
- Klage skal vere skriftleg og sendast til kommunen. Det må stå i klagen kva det vert klaga over. Kommunen må få klagen innan fristen.
- Kommunen vurderer nye opplysningar i saka og gjer vedtak. Dersom kommunen held fast på vedtaket som er klaga på vert saka sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.
- For vedtak som ikkje handlar om rettar etter [pasient- og brukarrettighetsloven](#), til dømes vedtak om kommunal bustad, er det i utgangspunktet forvaltningslova sine reglar om klage som gjeld. Hovudregelen i lova er då at klageinstansen er kommunestyret eller det organ kommunestyret har delegert oppgåva til. Klagen skal sendast til forvaltningskontoret som fatta vedtaket. Dersom klagaren meiner at avslaget på til dømes bustad utgjør brot på rettane vedkomande har etter [pasient- og brukarrettighetsloven § 2-1 e, jf. 2-1 a](#), er det reglane [om pasient- og brukarrettighetsloven § 7-2](#) om klage til statsforvaltere som også gjeld her (kjelde: [IS-2442](#))

## Generelle forventningar til den som handsamar søknaden

- Skal gje relevant informasjon om tenester innan helse- og omsorgstenesta
- Held teieplikta
- Møter tenestemottakar med respekt
- Handsaming av søknad og tildeling av tenester skjer etter ei individuell og tverrfagleg vurdering

## Forventningar til tenesteytar

- Held teieplikta
- Møter tenestemottakar med respekt
- Utfører tenestene i tråd med vedtaket
- Personalet har ikkje høve til å ta i mot pengebeløp eller større gåver. Jf. Volda kommune sine etiske retningslinjer
- Tenesteytar har ansvar for dokumentasjon, rutinar, prosedyrar og innhenting av samtykke for utføring av tenester

## Forventningar til tenestemottakar

- Gir naudsynt informasjon, samt samtykke til å kunne hente inn relevante opplysningar for vurdering og tildeling tenester
- Gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket
- Sikre at husdyr i heimen ikkje er til sjenanse for tenesteytar
- Sørge for at huset er utlufta før tilsette kjem, dersom det blir røykt i heimen
- Gjev beskjed om endring av behov til forvaltningskontoret eller tenesteytar
- Respekterer arbeidstida til tenesteytarane og brukar vakttelefon utanom ordinær kontortid
- Melder frå til tenesteytar om behov for informasjon, råd, rettleiing eller eventuelt klage
- Sørgjer for at vegen fram til eigen bustad er framkomeleg
- Gjev tenesteytar tilgang til bustad, t.d. sørgjer for at nøkkelboks vert sett opp
- Det må vera lys utandørs slik at det er lett å finne fram
- Aksepterer at det vert lagt til rette i bustaden, f.eks. med hjelpemiddel og ommøblering
- Planlegg og tilrettelegg med tanke på arbeidstilhøva for pleie- og omsorgstilsette i tråd med føringane i Arbeidsmiljølova § 4-4.
- Kommunen kan stille vilkår om at brukaren tillet montering/plassering av nødvendige hjelpemiddel i eigen heim for at hjelpepersonell kan utføre arbeidet. Likeins kan kommunen, som vilkår for å yte hjelp, også stille krav om at nødvendig utstyr for å utøve reingjering er til stade og i god stand. Det vil seie støvsugar, støvsugarposar, mopp, bøtte, heile og reine vaskefiller, vaskemiddel. Kommunen kan stille krav om at det må gjerast omfattande utvask av heimen før tenesta kan settast i gang.

## Tenester til heimebuande

### Helsetenester i heimen

Type teneste	Heimesjukepleie
Lovgrunnlag	<a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2, 6a.</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1</a>
Klageadgang	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2</a>
IPLOS-registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 15: Helsetenester i heimen.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling for tenesta.
Mål for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Førebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne</li> <li>• Gje tenestetilbod på rett nivå ut i frå kartlegging av tenestemottakar sitt behov</li> <li>• Tenestemottakar bur lengst mogleg i eigen bustad.</li> <li>• Behov for plass på institusjon vert unngått eller utsett.</li> </ul>
Kriterium for tenesta	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenesta blir tildelt personar som bur eller oppheld seg i kommunen, og som oppfyller kriteria for å få nødvendig helsehjelp. Du må heilt eller delvis ha behov for hjelp til å ivareta eiga helse på ein fagleg forsvarleg måte</li> <li>• Tenesta er behovsprøvd og tidsavgrensa</li> </ul>
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenesta kan starte opp før søknad og formell sakshandsaming er på plass, om nødvendig. Saka vert då handsama i etterkant, dersom behovet varer ut over 14 dagar</li> <li>• Heimesjukepleie er ei døgnteneste</li> <li>• Heimesjukepleia utfører oppgåver som brukar ikkje klarer sjølv, til dømes: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Hjelp til personleg hygiene (dusj minst ein gong annakvar veke)</li> <li>• Hjelp til toalettbesøk</li> <li>• Hjelp til ernæring/tilrettelegging av måltid. Hjelp til eit varmt måltid pr. døgn, gjeld ferdigproduserte middagar eller tildelt matombering ved risiko for feil-/eller underernæring</li> <li>• Legemiddelhandtering. Ved behov for medisineringsstøtte skal privat multidose vere prøvd ut fyrst. Medisineringsstøtte kan bli gitt digitalt ved bruka av medisin dispensar</li> <li>• Medisinske vurderingar i samråd med lege, nødvendige observasjonar, rådgjeving og tilrettelegging i høve sjukdom og førebygging</li> <li>• Opplæring og vedlikehald av ferdigheiter for å ivareta eiga helse</li> <li>• Pleie av alvorleg sjuke og døyande</li> <li>• Der brukar ikkje kan oppsøke legesenteret kan heimesjukepleia også gje anna hjelp t.d. sårbehandling, injeksjonar og blodprøver</li> </ul> </li> <li>• Alle som har helsetenester i heimen minimum ein gong pr. veke i tre månader eller meir har rett til gratis nødvendig tannbehandling frå den offentlege tannhelsetenesta, dette i samsvar med lov om tannhelsetenester</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dersom det oppstår akutte situasjonar i tenesta, kan enkelte oppdrag bli utsett eller avlyst</li> <li>• Tenesta kan nytte teknologi som ein del av oppfølginga, t.d. digitale tilsyn, elektronisk medisindispensar, GPS med sporing/fallvarsling.</li> </ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylgje til lege og korttidsopphald på sjukeheim</li> <li>• Skyss/transport i bil</li> <li>• Handle matvarer</li> <li>• Tenester som kan utførast ved legesenter (sårstell, ta blodprøver, urinprøver, injeksjonar m.m.)</li> <li>• Fysiske tilsyn vert som hovudregel ikkje utført utan at det ligg føre konkrete hjelpebehov</li> </ul>
<b>Forventingar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer på ein respektfull måte i tenestemottakar sin heim</li> <li>• Tenesta er så langt som råd utforma i samråd med tenestemottakar og individuelt tilrettelagt</li> <li>• Gjev beskjed så snart som råd om avtalar må endrast</li> <li>• At tenestemottakar og pårørande sine ønske for kvar dei ønsker avslutte livet sine siste dagar, vert imøtekomen så langt som råd er. Av kapasitetsomsyn kan det bli nødvendig å tilby institusjonsplass</li> <li>• Tenesteytar skal ikkje handtere brukar sine kontantar eller bankkort</li> </ul>
<b>Forventingar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er tilstades når tenesteytar kjem</li> <li>• Dersom den som skal ta imot hjelp ikkje er heime til avtala tid, må heimetenesta bli varsla snarast mogeleg</li> <li>• Gjer mest mogleg sjølv i den grad han/ho greier det</li> <li>• Ved akutte situasjonar må ein gje beskjed så raskt som råd</li> <li>• Gjer seg kjend med vedtaket</li> <li>• Opptrer respektfullt i møte med tenesteytar</li> <li>• At du legg til rette for hjelpemiddel i heimen, for å ivareta god helsehjelp og arbeidsmiljøet til tenesteytar</li> <li>• Dersom det er vanskeleg for tenestemottakar å opne døra sjølv, må heimetenestene ha tilgang til nøkkel til bustaden</li> <li>• Husdyr skal haldast i trygg forvaring så lenge tenesteytar er i bustaden</li> <li>• Huset skal vere røykfritt så lenge tenesteytar er i bustaden</li> <li>• På vinterstid er det tenestemottakar sitt ansvar at det er brøyta fram til huset slik at tenesteytar kjem fram</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Matombering

Type teneste	Matombering
<b>Lovgrunnlag</b>	Matombering kan tildelast som ei serviceteneste, eller den kan i enkelte høve bli tildelt som helseteneste, jf. <a href="#">Lov om helse- og omsorgstenester § 3-2, 6 a</a> og <a href="#">Lov pasient- og brukerrettigheter § 2-1 annet ledd.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Forvaltningsloven § 28</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 5: Matombering.
<b>Kostnad</b>	Det er krav om eigenbetaling når tenesta vert tildelt som serviceteneste.
<b>Mål for tenesta</b>	Matombering skal medverke til at heimebuande som ikkje er i stand til å lage middag sjølve får tilstrekkeleg ernæring, slik at dei kan bu heime lengst mogeleg.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Eldre og personar med nedsett funksjonsnivå som ikkje greier å lage middag sjølve kan få tilbod om varm mat 3-7 dagar per veke.</li> <li>Heimebuande som ikkje er i stand til å ivareta sitt ernæringsbehov på grunn av fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemming</li> <li>Tenestemottakar må forplikte seg til faste leveringsdagar</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenestemottakar får levert mat ut i frå behov, t.d. allergi, diabetes eller findelt mat ved tannhelseproblem (medisinske behov). Utover dette vert det prøvd å legge til rette for spesialkost</li> <li>Faktura vert sendt ut på etterskot kvar månad</li> <li>Middagar som ikkje er avbestilt innan kl. 12 dagen før vert fakturert (fell vekk ved akutt sjukdom som krev innlegging på høgare omsorgsnivå)</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Middag vert levert i samsvar med vedtak, og i følge forskrift om næringsmiddelhygiene § 13, og etter anbefalingar frå helsedirektoratet om kosthald for eldre</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket</li> <li>Gje beskjed om behov for spesialkost, allergi, diabetes og eventuelt andre omsyn</li> <li>Dersom tenestemottakar ikkje kan ta imot middag dei dagane han/ho har vedtak om, må vedkomande varsle heimetenesta per telefon eller digital innbyggardialog innan fredag kl 12.00 før påfølgjande veke.</li> <li>Tenestemottakar må vere til stades ved levering eller sørge for at nokon tek imot maten</li> <li>Behov for å gjere varige endringar på tal dagar med matlevering må meldast til heimetenesta</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Tryggleiksalarm

<b>Type teneste</b>	<b>Tryggleiksalarm</b>
<b>Lovgrunnlag</b>	Tenesta kan ytast som eit førebyggjande og tryggleiksskapande tiltak eller den kan ytast som helsehjelp etter <a href="#">Lov om helse og omsorgstenester § 3-2. 6 b</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukarrettigheter § 2-1.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Forvaltningsloven § 28</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS - registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 6: Tryggleiksalarm.
<b>Kostnad</b>	Eigenandel etter fastsett pris pr. måned når alarm er innvilga som eit førebyggjande og tryggleiksskapande tiltak. Det er ikkje krav om eigenandel dersom alarmeren er innvilga som nødvendig helseteneste etter helse- og omsorgstenestelova.
<b>Mål for tenesta</b>	Tryggleiksalarm skal bidra til auka tryggleik for tenestemottakar og bidra til vedkomande kan bu lengst mogeleg i eigen heim.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Heimebuande eldre og personar med funksjonshemming kan bli tildelt tryggleiksalarm ut frå desse kriteria:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Tenestemottakar har lett for å falle og/eller problem med å bevege seg eller vil ha behov for rask helsehjelp av andre medisinske årsaker</li> <li>○ Tenestemottakar forstår bruken av alarmeren og meistrer å bruke alarmknappen</li> <li>○ Tenestemottakar må ha behov for å tilkalle hjelp, og ha problem med å nytte telefon til dette</li> <li>○ Tenestemottakar må samtykke til montering av nøkkelboks</li> </ul> </li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tryggleiksalarm er ei ordning der du kan kome i kontakt med heimetenesta i ein akutt eller alvorleg situasjon der du treng hjelp, t.d. fallsituasjonar</li> <li>• Tenesta består av ein alarmboks, ein alarmknapp og alarmteneste frå heimetenesta</li> <li>• Brukarar som bur meir enn 15 minutt frå ein heimetenestebase må ha pårørande/nabo med i varslingskjeda for å unngå for lang utrykkingstid</li> <li>• I tillegg kan ein ved behov få sensorar som utløyser tryggleiksalarmen t.d. viss ein går ut av ytterdøra</li> <li>• Alarmeren er avhengig av mobilnettverk og straum for å fungere. Den har batteribackup nokre timar ved straumutfall</li> </ul>
<b>Forventingar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alarm vil bli montert så snart vi har kapasitet etter at vedtak er fatta</li> <li>• Brukarar og pårørande får rettleiing og opplæring</li> <li>• Når tenestemottakar utløyser alarmeren vil heimetenesta ta munnleg kontakt via alarmboksen eller ringe deg på telefon. Dersom dei ikkje oppnår kontakt kjem dei heim til tenestemottakar så fort dei kan</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dersom pårørende/naboar tek del i varslingskjeda vil tenesteytar ta kontakt med pårørende/nabo når alarmen er utløyst, og be vedkommande ta kontakt med tenestemottakar med ein gong</li> </ul>
<b>Forventingar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenestemottakar må montere nøkkelboks ved inngangsdøra før tenesta kan starte. Kommunen kan utføre dette mot ein eigendel</li> <li>Alarmknappen må vere på tenestemottakar heile døgnet anten i halsenor eller rundt handleddet</li> <li>Alarmen vert berre nytta ved akutte eller alvorlege situasjonar, t.d. ved fall, skade eller sjukdom</li> <li>Alarmknappen/alarmboksen må erstattast av tenestemottakar om vedkommande mister den eller øydelegg den med vilje</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## GPS -lokaliseringsteknologi

Type teneste	GPS- Lokaliseringsteknologi
<b>Lovgrunnlag</b>	Tenesta kan ytast som eit førebyggjande og tryggleiksskapande tiltak (serviceteneste) eller den kan ytast som helsehjelp etter <a href="#">Lov om helse og omsorgstenester § 3-2 6 b</a> og <a href="#">Lov om pasient og brukarrettigheter § 2-1.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Forvaltningsloven § 28</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2.</a>
<b>Kostnad</b>	Kostnad etter fastsett pris pr månad når tenesta er innvilga som serviceteneste. Når tenesta er heimla i lov vert det ikkje teke eigenbetaling.
<b>Iplos - registrering</b>	IPLOS-tenestetypen 26: Varslings- og lokaliseringsteknologi (GPS)
<b>Mål for tenesta</b>	GPS skal bidra til auka tryggleik, sjølvstende, meistring og rørslefridom for tenestemottakar. For heimebuande skal tiltaket bidra til at personen kan bu lengst mogleg i eigen heim.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenestemottakar oppheld seg i kommunen</li> <li>Tiltaket er naudsynt for å hindre eller avgrense risiko for skade</li> <li>Tiltaket er det minst mogleg inngripande alternativet</li> <li>Det må vere mobildekning i området der tenestemottakar vil nytte GPS</li> <li>Tenestemottakar kan bevege seg utandørs på eiga hand</li> <li>Tenestemottakar har orienteringsvanskar (t.d. står i fare for å gå ut av heimen og ikkje finne vegen heim) og/eller fallrisiko utandørs og meistarar ikkje anna form for varsling ved behov for hjelp</li> <li>Det er nokon (tenestemottakar sjølv eller pårørende/tilsette) som kan passe på at GPS er lada ved behov, og at den er slått på</li> <li>Det er nokon (tenestemottakar sjølv eller pårørende/tilsette) som kan passe på at GPS er med når tenestemottakar forlèt huset</li> </ul>

<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilbodet om GPS består av en GPS-klokke eller en GPS i halssnor/beltefeste og en app for pårørende/personale</li> <li>• Brukarar som bur heime i eigen bustad skal som hovudregel ha pårørende som mottakar for alarmar og lokaliseringsbehov.</li> <li>• Det vert utarbeida ei avtale ved oppstart av tenesta som viser kven som har ansvar for kva i bruken av utstyret, t.d. laderutinar og lokalisering</li> <li>• Pårørende må ha smarttelefon og kunne nytte app for oppfølging av GPSen</li> <li>• Utstyret nyttar GPS-teknologi, wifi og mobilnett</li> <li>• Produkta har alarmfunksjon som kan bli utløyst automatisk eller som brukar utløysar sjølv</li> <li>• Produkta har to-vegs talefunksjon slik at pårørende eller personale kan ringe brukar gjennom GPS-en</li> </ul>
<b>Forventingar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Teknologien vert utlevert så snart kommunen har kapasitet etter at behovet er avdekt og naudsynt kartlegging og tilpassing er utført</li> <li>• Rettleiing og opplæring vert gitt</li> <li>• Når alarmar vert utløyst vil ein følgje aktuell prosedyre som er avtalt i kvart tilfelle</li> <li>• Feilretting etter gjeldande prosedyrar</li> </ul>
<b>Forventingar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestemottakar opptreir respektfullt i møte med tenesteytar</li> <li>• Tenestemottakar eller pårørende gir melding til kommunen viss utstyret ikkje virkar eller ikkje fungerer etter målsettinga som er avtalt</li> <li>• Utstyret vert behandla forsvarleg</li> <li>• Utstyret blir levert tilbake når det ikkje lenger er i bruk</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

### Praktisk bistand- daglege gjeremål (Heimehjelp)

Type teneste	Praktisk bistand daglege gjeremål (heimehjelp)
<b>Lovgrunnlag</b>	Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2, 6 b. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1.
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 1: Praktisk bistand – daglege gjeremål.
<b>Kostnad</b>	Det er krav om eigenbetaling etter gjeldande sats. Årleg revidering av satsane, jf. statlege satsar og kommunestyrevedtak.

<p><b>Mål for tenesta</b></p>	<p>Praktisk bistand er for personar som har behov for hjelp til daglege gjeremål, til dømes husarbeid</p> <p>Personar med nedsett funksjonsevne får nødvendig hjelp, slik dei skal kunne bu heime lengst mogleg</p>
<p><b>Kriterium for tildeling</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Søkar må grunna sjukdom, nedsett helse eller funksjonshemming ha behov for hjelp til å ivareta nødvendig stell av eigen bustad</li> <li>• Det vert vurdert om andre kan utføre husarbeidet</li> </ul>
<p><b>Praktiske opplysningar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nødvendig og funksjonelt utstyr til vask og reingjering må være tilgjengelig</li> <li>• Tenesta vert utført kvardagar</li> <li>• Tenesta vert utført i samsvar med vedtaket, og reingjering vert vanlegvis utført i 1-1,5 timar kvar tredje eller fjerde veke</li> <li>• Heimehjelp vert ikkje utført på helg og høgtidsdagar</li> <li>• Etter behovsprøving kan tenesta inkludere hjelp til:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vanleg reinhald av rom som dagleg er i bruk; støvtørk, golvvask, støvsuging og vask av bad/toalett. Reinhaldet vert berre utført på flater som er lett tilgjengeleg</li> <li>○ Innvendig reinhald av kjøleskap og mikrobølgeovn etter behov</li> <li>○ Skifte sengekle</li> <li>○ Oppvask av kjøkkenutstyr</li> <li>○ Vask av kle i vaskemaskin</li> </ul> </li> </ul>
<p><b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Risting av mange eller store/tunge golvteppe</li> <li>• Nedvask og vask av vindauge</li> <li>• Rydding og reingjering av rom som ikkje er dagleg i bruk</li> <li>• Førebuing til besøk eller opprydding/oppvask etter gjestar</li> <li>• Reingjering av trapper, gangar eller andre fellesareal i burettslag eller blokker</li> <li>• Snømåking</li> <li>• Hjelp til dyrehald</li> <li>• Flytting</li> </ul>
<p><b>Forventingar til tenesteytar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim</li> <li>• Følgje krav til HMS-reglar i heimen, til dømes ikkje å bruke stige/krakk for å reingjere i område over «skulderhøgde»</li> <li>• Gje tenestemottakar beskjed i rimeleg tid, dersom avtalar vert utsett eller avlyst</li> <li>• Tenesteytar gjer ei fortløpande vurdering av hjelpebehov og vedtaket blir endra i takt med dette</li> </ul>
<p><b>Forventingar til tenestemottakar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Har flytande såpe og tørkerull tilgjengeleg for personalet til å utføre handhygiene</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Har utstyr det er behov for, t.d. vaskemiddel, klutar, støvsugar og liknande</li> <li>• Bidreg sjølv så langt det er råd og fagleg forsvarleg</li> <li>• Tenestemottakar eller pårørande er tilstade når arbeidet vert utført, med mindre anna er avtalt</li> <li>• Gje tenesteytar beskjed snarast råd om det skulle oppstå akutte situasjonar som gjer at vedkomande ikkje kan ta i mot hjelpa, seinast dagen før kl. 12</li> <li>• Samarbeider ved tilrettelegging av hjelpemiddel i heimen når dette er nødvendig for å ivareta arbeidsmiljøet til tenesteytar</li> <li>• Heimen til tenestemottakar er heimehjelpar sin arbeidsplass. Det er difor viktig at:             <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestemottakar og tenesteytar har gjensidig respekt for kvarandre</li> <li>• Heimen er godt utlufta dersom du røyker, og at det ikkje vert røykt når det vert ytt tenester</li> <li>• Husdyr er ute av bustaden eller i andre rom når tenesta vert ytt</li> <li>• Tenestemottakar tillater tilpassingar av hjelpemiddel til bruk i heimen</li> <li>• Tenestemottakar respekterer at heimehjelpa har teieplikt</li> <li>• Dersom tilhøva i bustaden er av slik karakter at det utgjer helsemessig risiko for personalet, kan kommunen krevje at tenestemottakar sørger for opprettande tiltak (grundig opprydding og/eller nedvask) før praktisk bistand vert sett inn. Døme kan vere smittedevask utført av private reingjeringsbyrå</li> <li>• På vinterstid er det tenestemottakar sitt ansvar at det er brøyta og strødd fram til inngangen av huset slik at tenesteytar kjem fram</li> </ul> </li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

### Praktisk bistand- opplæring, daglege gjeremål (målretta miljøarbeid)

Type teneste	Praktisk bistand opplæring daglege gjeremål (målretta miljøarbeid)
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2, 6 b.</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 2: Praktisk bistand – Opplæring daglege gjeremål.
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling
<b>Mål for tenesta</b>	At tenestemottakar med dette tenestetilbodet i stor grad skal kunne meistre daglege gjeremål og halde ved like funksjonar og/eller tileigne seg ny kunnskap med opplæring og tilrettelegging
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dersom tenestemottakar har behov for tilrettelegging eller opplæring i dagleglivets gjeremål kan vedkomande få innvilga praktisk bistand opplæring, herunder målretta miljøarbeid</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenesta er for personar som treng opplæring og/ eller tilrettelegging i å ivareta dei daglege gjeremåla, eller som treng hjelp med å organisere kvardagen</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Praktisk bistand opplæring kan tildelast som målretta miljøarbeid. Dette er ei metode, for å gjere tenestemottakar i stand til å ivareta daglege aktivitetar og trene på å bli betre i stand til å ivareta dette sjølv</li> <li>Omfang, formål og tidsavgrensing blir presisert i vedtaket</li> <li>Det vert gjort ei evaluering i løpet av perioden, om tenestemottakar har tileigna seg opplæring og rettleiing frå personalet. Dersom det ikkje er slik, kan tenesta bli endra til praktisk bistand med eigenbetaling</li> </ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Praktisk bistand til gjeremål som tenestemottakar ikkje tek del i sjølv eller trenar på å meistre sjølv</li> </ul>
<b>Forventingar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Opptrer på ein respektfull måte i brukar sin heim</li> <li>Gir får beskjed i rimeleg tid, dersom avtalar vert utsett eller avlyst</li> <li>Gjer ei fortløpande vurdering av hjelpebehov og vedtaket blir endra i takt med dette</li> </ul>
<b>Forventingar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tek aktivt del i utføringa av gjeremåla som skal gjerast</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

### Praktisk bistand- Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Type teneste	Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-8.</a> og <a href="#">Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1og 2-1 d</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetypen 3: Brukarstyrt personleg assistanse.
<b>Kostnad</b>	Det er krav om eigenbetaling etter gjeldande sats, for den delen som handlar om praktisk bistand til daglege gjeremål. Årleg revidering av satsane, jf. statlege satsar og kommunestyrevedtak.
<b>Mål for tenesta</b>	Bidra til at personar med store funksjonshemmingar eller som har eit stort hjelpebehov i daglege aktivitetar får eit aktivt og mest mogleg sjølvstendig liv.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenestemottakar må vere under 67 år og ha eit stort og langvarig behov for hjelp. Personar med behov for assistanse over 25 timar pr. veke kan få BPA</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Funksjonssvikt og hjelpebehov må vere av ei slik art at det er mest hensiktsmessig å organisere tenesta som BPA, og ikkje meir tradisjonelle tenester som t.d. praktisk bistand og støttekontakt</li> <li>• Tenestemottakar evner å ivareta arbeidsleiarrolla, alternativt har ein person som kan fungere som medarbeidsleiar</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp for funksjonshemma med stort og langvarig behov for bistand i dagleglivet</li> <li>• Enkle helsetenester kan leggest inn i BPA, men tid til helsetenester skal ikkje takast med i utrekninga om søkjar har rett på å få tenestene organisert om BPA eller ikkje</li> <li>• BPA byggjer på prinsippet om brukarstyring</li> <li>• Vedtaket kan bli forlenga om det vert fatta før fylte 67 år</li> <li>• Arbeidsgjevaransvaret i BPA-ordninga kan ivaretakast av ein privat leverandør, godkjent av Volda kommune. Tenestemottakar må sjølv velje det firma vedkomande vil ha til å drifte ordninga si</li> <li>• Kommunen har det overordna ansvar for kontroll av BPA -tenesta, t.d. når det gjeld kvaliteten på tenesteytinga, fagleg forsvarlegheit og arbeidstilhøva til assistentane. Oppfølging av ansvaret skal gjennomførast årleg og skal varslast på førehand med brev.</li> </ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Retten omfattar ikkje tenester som krev fleire enn ein tenesteytar til stades eller nattenester, med mindre brukaren kontinuerleg har behov for slike tenester</li> <li>• Retten omfattar ikkje hjelp i høve skule og arbeid. Nav har ansvar for å tilby støtteordningar i høve skule og arbeid</li> <li>• Personar som får tildelt teneste må vere i stand til å ta arbeidsleiarrollen eller ha ein nærstående person som kan vere arbeidsleiar</li> <li>• Retten gjeld så lenge tenestemottakar oppheld seg i kommunen</li> </ul>
<b>Forventning til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenesteytar har eit system for årleg kontroll og oppfølging av BPA-tenesta til einskilde tenestemottakar, inkl. kontroll av privat BPA-leverandør</li> <li>• Gjev tenestemottakar nødvendig informasjon og bistand til å skaffe seg BPA frå ønska leverandør godkjent i Volda kommune</li> </ul>
<b>Forventing til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeidsleiar signerer avtale med Volda kommune og leverandør om ansvarsfordeling og oppgåver</li> <li>• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket</li> <li>• Arbeidsleiar disponerer tildelte timar i tråd med rammer i vedtak og lova sitt føremål</li> <li>• Heimen er tilrettelagt for at assistenten får eit godt arbeidsmiljø, og eventuelt tek initiativ til eller tek i mot hjelp til utbetring av bustad</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• At kommunen får tilstrekkeleg med innsikt i BPA-ordninga for å kunne kontrollere tenestetilbodet er fagleg forsvarleg og at ekstern leverandør følgjer gjeldande lovverk</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Førebyggjande heimebesøk

Type teneste	Førebyggjande heimebesøk
<b>Lovgrunnlag</b>	Tenesta er ikkje heimla i lov.
<b>Klageadgang</b>	Ikkje krav om enkeltvedtak og difor ingen klageadgang.
<b>IPLOS - registrering</b>	Nei
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
<b>Mål for tenesta</b>	Føremålet er å fremje god helse slik at kvar einskild innbyggjar kan bu heime lengst mogleg og kan halde fram med ein aktiv og meningsfull kvardag.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innbyggjarar som bur i Volda kommune og som har fylt eller fyller 80 år i inneverande år</li> <li>• Innbyggjaren er ikkje mottakar av omfattande helse- og omsorgstenester</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Føremålet med heimebesøket er å gje informasjon og samtale om ulike tema som kan ha betydning for helse og livskvalitet</li> <li>• Tema i samtalen kan vere t.d. aldring, bustad, sosialt nettverk, kosthald, fysisk aktivitet, fokus på fall- og brannførebygging</li> <li>• Kommunen ser gjerne at ektefelle og pårørande er tilstade under samtalen</li> </ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vert ikkje utført praktiske helsetenester i dette besøket</li> <li>• Dersom ein mottek omfattande helse- og omsorgstenester frå før (t.d. brukarar i bemanna omsorgsbustadar og på institusjon), vil ein ikkje få tilbod om førebyggjande heimebesøk</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen sender ut brev med dato og tidspunkt for samtale til kvar einskild i målgruppa</li> <li>• Kommunen vil også ta kontakt med den einskilde i forkant av besøket for å sikre at brevet er motteke og tidspunktet passar</li> </ul>

<b>Forventingar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• At mottakar av brev melder frå til kommunen så raskt som mogeleg dersom ein ikkje ønsker besøk, eller om det er behov for å endre tidspunktet for besøket</li> <li>• At tenestemottakar er heime i tidsromet det er avtalt besøk</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Kvardagsrehabilitering

Type teneste	Kvardagsrehabilitering
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2,5.ledd «sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering»</a> og <a href="#">Lov om pasient og brukarrettigheter § 2-1.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient og brukarrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 264: Kvardagsrehabilitering.
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
<b>Mål for tenesta</b>	Auka livskvalitet og meistring i eige liv. Ein jobbar for at tenestemottakar skal meistre daglege aktivitetar og kunne bu heime lengst mogeleg.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestemottakar ønsker å vere aktiv og bu heime</li> <li>• Tenestemottakar opplever utfordringar i kvardagen etter sjukdom/skade, eller har reduksjon/fare for reduksjon i funksjonsnivå</li> <li>• Det er tverrfagleg vurdert at tenestemottakar har rehabiliteringspotensiale</li> <li>• Tenestemottakar kan aktivt ta del i å utforme mål for rehabiliteringsperioden og gjere ein innsats for å nå desse måla</li> <li>• Treninga kan utførast i eigen heim og/eller nærmiljøet</li> <li>• Tenestemottakar kan følge instruksjon og sjølvstendig følgje opp tilpassa eigentreningsprogram</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvardagsrehabilitering er organisert som eit tverrfagleg team med ergoterapeut, fysioterapeut og sjukepleiar. Teamet utfører ei systematisk kartlegging, og i samarbeid med tenestemottakar vert det utarbeida mål som han/ho syntest er viktige å meistre i eigen kvardag. Teamet og heimetrenar vil i lag med tenestemottakar samarbeide om å nå desse måla</li> <li>• Tenesta vert tildelt for ei avgrensa periode på 4 veker, med mogelegheit for forlenging. To til tre månadar som øvre grense</li> <li>• Eksklusjonskriterier: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kognitiv svikt som gjer deltaking vanskeleg</li> <li>○ Behov for rehabilitering på eit anna nivå</li> </ul> </li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Brukarar i institusjon og bemanna omsorgsbustadar</li> </ul>
<b>Forventingar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer respektfull i møte med tenestemottakar</li> <li>• Kjem heim til tenestemottakar og vil saman med vedkomande trene på det han/ho synest er viktig å meistre i kvardagen. For å oppnå dette jobbar tenesteytar intensivt saman med tenestemottakar i ei avtalt tidsperiode</li> </ul>
<b>Forventingar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer respektfull i møte med tenesteytar</li> <li>• Tek aktivt del i rehabiliteringa</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

### Tverrfagleg rehabilitering

Type teneste	Tverrfagleg rehabilitering
<b>Lovgrunnlag</b>	Tenesta er ikkje heimla i lov.
<b>Klageadgang</b>	Ikkje krav om enkeltvedtak og difor ikkje klageadgang.
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling. med unntak av eigenandel fysioterapi
<b>Mål for tenesta</b>	Målsettinga er å oppretthalde aktivitet, sjølvstendigheit og deltaking etter eit fall i funksjonsnivå, og gjenvinning av funksjon etter sjukdom eller skade. Den enkelte jobbar mot måla sine gjennom trening og øving. Rehabiliteringa kan bestå av behandling og trening i ulike kvardagssituasjonar, for å meistre kvardagen så bra som mogleg ut i frå eigne forutsetningar.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Målgruppa er ikkje knytt til bestemte diagnosar, men til funksjon og livssituasjon. Eit av kriteria er brått fall i funksjon ved sjukdom eller skade. Til forskjell frå tenesta kvardagsrehabilitering er denne tenesta eit meir spesifikt rehabiliteringstilbod.</li> <li>• Kriterier for deltaking: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Brått fall i funksjonsnivå ved sjukdom eller skade, der det er moglegheit for betring av funksjon</li> <li>○ Behov for tett oppfølging i ein overgangsfase til dømes etter utskrivning frå institusjon</li> <li>○ Behov for tverrfagleg tilnærming</li> <li>○ Kunne definere eigne mål og ta aktivt del i eiga rehabilitering</li> <li>○ Motivert for å meistre dagleglivets aktivitetar</li> </ul> </li> </ul>

<p><b>Praktiske opplysningar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tverrfagleg rehabiliteringsteam er ein del av eit samanhengande rehabiliteringstilbod i Volda kommune. Teamet jobbar ut i frå kva som er viktig for den enkelte, og ein definerer behov og set mål. Det blir tilbode tverrfagleg oppfølging i heimen i kombinasjon med eventuelle andre tenester som til dømes kvardagsrehabilitering og heimetenester. Teamet tilbyr spesifikk rehabilitering retta mot meningsfulle aktiviteter i heimen, på jobben og på fritida. Tenesta er tidsavgrensa.</li> <li>• Innhald i tenesta:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Tverrfagleg målsamtale med ergoterapeut, fysioterapeut og sjukepleiar</li> <li>○ Individuell tverrfagleg oppfølging og evaluering i regi av dei aktuelle faggruppene</li> <li>○ Treninga går føre seg i heimen og/eller i egne lokale ved Volda omsorgssenter</li> <li>○ Eigentrening</li> <li>○ Oppfølging er tidsavgrensa, men varigheit på tenesta vil variere ut i frå individuelle behov</li> </ul> </li> </ul>
<p><b>Forventingar til tenesteytar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer respektfull i møte med tenestemottakar</li> <li>• Kjem heim til tenestemottakar og vil saman med vedkomande trene på det han/ho synest er viktig å meistre i kvardagen. For å oppnå dette jobbar tenesteytar intensivt saman med tenestemottakar i ei avtalt tidsperiode</li> </ul>
<p><b>Forventingar til tenestemottakar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer respektfull i møte med tenesteytar</li> <li>• Tek aktivt del i rehabiliteringa</li> </ul>
<p><b>Merknad</b></p>	<p>Ein treng ikkje tilvising eller søknad for å få tildelt tenesta. Ta direkte kontakt med det tverrfaglege rehabiliteringsteamet på telefon.</p>

## Rus - og psykisk helseteneste

Type teneste	Rus- og psykisk helseteneste
<p><b>Lovgrunnlag</b></p>	<p><a href="#">Lov om helse- og omsorgstenester § 3-2. 6 a.</a> og <a href="#">Lov om pasient og brukerrettigheter § 2-1.</a></p>
<p><b>Klageadgang</b></p>	<p><a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a></p>
<p><b>IPLOS-registrering</b></p>	<p>Ja. IPLOS-tenestetype 250: Psykisk helse/rus.</p>
<p><b>Kostnad</b></p>	<p>Det er ikkje krav om eigenbetaling.</p>
<p><b>Mål for tenesta</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Redusere konsekvensen av rusmiddelmisbruk og psykiske helseproblem for den enkelte, pårørnde og samfunnet</li> </ul>

Kvalitetstandard for helse- og omsorgstenester i Volda kommune

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra til å betre levekåra for menneske som har behov for helsehjelp innan rus og psykisk helse, eit rusmiddel- eller psykisk helseproblem, førebyggje og redusere problemutviklinga og fremje meistring i eige liv</li> <li>• Pårørande til menneske med rusmiddel- eller psykiske helseproblem skal ha tilbod om naudsynt støtte og avlasting</li> </ul>
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestemottakar har omfattande utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus</li> <li>• Tenestemottakar er i krise eller i sorg</li> <li>• Tenestemottakar er pårørande til nokon med psykisk helse og/eller rusutfordringar</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenesta for psykisk helse og rus tilbyr tenester til menneske med psykiske – og /eller rusutfordringar, menneske i krise og sorg, og til pårørande. Psykisk helseteneste blir tilbode brukarar frå 18 år og oppover som oppheld seg i kommunen.</li> <li>• Rustenesta vert tilbode brukarar i alle aldersgrupper med opphald i kommunen.</li> <li>• Tenestemottakar får tenesta ved tilvising frå lege, spesialisthelsetenesta eller ved å ta direkte kontakt med tenesta. Bruk gjerne kommunen sitt søknadsskjema</li> <li>• Innhaldet i tenesta kan til dømes vere:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Koordinering av tenester og utarbeiding av individuell plan</li> <li>○ Kartleggingsarbeid</li> <li>○ Nettverksbygging</li> <li>○ Støttesamtalar</li> <li>○ Gruppetilbod</li> <li>○ Strukturering av kvardagen</li> <li>○ Aktivisering og/eller arbeidstrening</li> <li>○ Medisinadministrasjon</li> <li>○ Utdeling av medikament</li> <li>○ Innsøking til rusbehandling og tilvising til andre instansar</li> <li>○ Oppfølging av gravide rusmisbrukarar</li> <li>○ Tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige</li> <li>○ Økonomiarbeid</li> <li>○ Tilbodet kan bli gitt digitalt</li> </ul> </li> </ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vekking og transport til skule og/eller arbeid</li> <li>• Praktisk bistand (utan opplæring)</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer respektfullt overfor tenestemottakar</li> <li>• Fast kontaktperson så langt det let seg gjere</li> <li>• Kontakt innan tre veker etter mottatt søknad</li> <li>• Individuell oppfølging, jf. enkeltvedtaket</li> <li>• At tenesta tenkjer familie og nettverk</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• At tenesta held avtaler</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Har eit eigendefinert ønske om hjelp</li> <li>• Held avtaler</li> <li>• Gir beskjed i god tid dersom du blir hindra i å møte</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Støttekontakt

Type teneste	Støttekontakt
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgsteneste § 3-2, 6 b.</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukarrettigheter § 2-1.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS tenestetype 9: Støttekontakt.
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.  Tenestemottakar må sjølv dekke utgifter ein har til aktivitetar saman med støttekontakta, til dømes mat på kafé, kontingent på treningsstudio m.m.
<b>Mål for tenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Støttekontaktordninga har fokus på å bryte isolasjon og auke sosialt samvær og deltaking i ulike sosiale, kulturelle eller fysiske aktivitetar</li> <li>• Tenesta skal medverke til å auke tenestemottakar si oppleving av livskvalitet gjennom samvær med andre og bidra til ei meningsfull fritid</li> </ul>
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Søkjar har behov for hjelp og støtte til å meistre ulike fritidsaktivitetar, eller har lite sosialt nettverk og behov for sosial kontakt med andre</li> <li>• Bebuar i omsorgsbustad med heildøgns bemanning /institusjonsopphald er ikkje i målgruppa for tildeling av støttekontakt</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vert ikkje stilt formelle kvalifikasjonskrav til støttekontaktar og ordninga skal difor ikkje nyttast til å dekkje krevjande omsorgsbehov</li> <li>• Kjøring utover tildelt køyregodtgjersle må tenestemottakar betale for sjølv. Volda kommune tilrår at tenestemottakar betalar køyregodtgjersle etter gjeldande sats til støttekontakta</li> </ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det blir ikkje ytt støttekontakt til følgjande aktivitetar: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Hjelp til lekser</li> <li>○ Praktisk bistand i heimen</li> </ul> </li> </ul>

<b>Forventingar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Støttekontakta skal opptre respektfullt i møte med tenestemottakar</li> <li>• Tenesta vert gitt i tråd med vedtak og kontrakt</li> <li>• Støttekontakt gir melding til tenestemottakar når ein ikkje kan møte til avtalen</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer respektfullt i møte med støttekontakta</li> <li>• Tek aktivt del i tiltaket</li> <li>• Gir melding til støttekontakta i god tid når ein ikkje kan møte til avtaler</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Digital heimeoppfølging (DHO)

	<b>Digital heimeoppfølging (DHO)</b>
<b>Lovgrunnlag</b>	Tenesta ytast som helsehjelp etter <a href="#">Lov om helse og omsorgstenester § 3-2 6 b</a> og <a href="#">Lov om pasient og brukarrettigheter § 2-1.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Forvaltningsloven § 28</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2.</a>
<b>Iplos - registrering</b>	Nei
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
<b>Mål for tenesta</b>	DHO skal bidra til auka tryggleik og meistring for personar med kroniske sjukdomar. Tilbodet gir tenestemottakar verktøy til å meistre eigen sjukdom gjennom kunnskap, måling av vitale data og bruk av eigenbehandlingsplan. Gjennom måling av vitale data kan sjukdomsforverring bli oppdaga tidleg, og tiltak bli sett i verk for å snu utviklinga.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<p>Brukar må:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ha minst ei av diagnosane diabetes, hjartesvikt eller KOLS*</li> <li>• ha medium til høg risiko for forverring av helsetilstanden</li> <li>• ha tilstrekkeleg kognitiv funksjon til å handtere app og eventuelt måleutstyr, eller ha pårørande som ønsker å hjelpe</li> <li>• ha motivasjon og ønske om DHO</li> </ul> <p>I tillegg bør minst ein av følgande vere gjeldande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• behov for systematisk oppfølging</li> <li>• behov for auka tryggleik og meistring av sjukdommen</li> <li>• potensiale for å redusere, utsette eller unngå bruk av andre helsetenester</li> </ul>

	*) Andre sjukdomar kan også vurderast kunnskap, måling av vitale data og bruk av eigenbehandlingsplan. Gjennom måling av vitale data kan sjukdomsforverring bli oppdaga tidleg, og tiltak bli sett i verk for å snu utviklinga.
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• DHO består av måleutsyr, app, daglege/jamlege spørsmål, eigenbehandlingsplan og oppfølgingsteneste</li> <li>• Måleutstyr kan t.d. vere måling av blodtrykk, temperatur, vekt, puls og oksygenmetning</li> <li>• Oppfølgingstenesta held til på Søre Sunnmøre legevakt i Hovdebygda, og har kontortid på dagtid kvardagar</li> <li>• Brukaren kan låne tilpassa nettbrett dersom ein ikkje har eige nettbrett eller smarttelefon</li> <li>• Utstyret nyttar Bluetooth og mobilnett for overføring av data mellom brukar og oppfølgingstenesta</li> <li>• Eigenbehandlingsplan vert utarbeida i samarbeid mellom brukar, fastlege og oppfølgingstenesta</li> </ul>
<b>Forventingar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Teknologien vert utlevert så snart kommunen har kapasitet etter at behovet er avdekt og naudsynt kartlegging og tilpassing er utført</li> <li>• Rettleiing og opplæring vert gitt</li> <li>• Når målingar er utanfor avtalte grenseverdier vil oppfølgingstenesta ta kontakt med brukar</li> <li>• Feilretting etter gjeldande prosedyrar</li> <li>• Evaluering av tenesta kvar 6. månad</li> </ul>
<b>Forventingar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestemottakar tek kontakt med Legevakt/113 ved alvorleg forverring når det er behov for akutt hjelp</li> <li>• Tenestemottakar utfører avtalte målingar, svarer på spørsmål i appen og følger eigenbehandlingsplanen</li> <li>• Tenestemottakar opptreer respektfullt i møte med tenesteytar</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Dagtilbod

### Dagsenter for eldre

Type teneste	Dagsenter for eldre
<b>Lovgrunnlag</b>	Tilbodet er ikkje heimla i lov, med unntak av dagtilbod for heimebuande personar med demens som er heimla i <a href="#">Lov om helse- og omsorgstenester § 3-2, første ledd pkt. 7.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2.</a> og <a href="#">Forvaltningslova § 28.</a>

Kvalitetstandard for helse- og omsorgstenester i Volda kommune

<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 4: Dagaktivitetstilbod.
<b>Kostnad</b>	Det er krav om eigenbetaling etter gjeldande satsar, fastsett av kommunestyret.
<b>Mål for tenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra til at eldre som bur heime får ein meningsfull kvardag, og kan bu heime lengst mogeleg.</li> <li>• Førebygge behov for omfattande tenester i heimen eller bemanna bustad/institusjonsplass.</li> <li>• Gje tenestemottakar eit rikt, variert og meningsfullt aktivitetstilbod.</li> <li>• Fremje god helse gjennom aktivitet.</li> </ul>
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Funksjonssvikt som gjer at søkjar kan ha nytte av eit tilbod på dagsenteret.</li> <li>• Må kunne nyttiggjere seg av tilbodet og kunne fungere i ei gruppe, slik at aktivitetane bidreg til å vedlikehalde funksjonsnivået.</li> <li>• Særskilt om dagtilbod til personar med demens: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Må ha ein demensdiagnose, eller vere under utgreiing for demens.</li> </ul> </li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dagsenteret er eit aktivitetstilbod for heimebuande med hjelpe-/omsorgsbehov</li> <li>• Dagsenteret ved Volda Omsorgssenter har to avdelingar, der eit av tilboda er retta mot personar med demens.</li> <li>• Det er dagsentertilbod ved Folkestadtun to dagar per veke.</li> <li>• Det er dagsentertilbod ved Hornindal Omsorgssenter ein dag per veke.</li> <li>• Tilbod inkluderer måltid og deltaking i gruppeaktivitetar (dagsturar kan ha ein eigenandel)</li> <li>• Dei ulike dagsentera har periodar med sommarstenging, og er stengt alle heilagdagar</li> <li>• Ein kan få ein prøvedag før oppstart av teneste. Prøvedagen er gratis og må vere på den vekedagen det er aktuelt å ha plass</li> <li>• Dagsenteret arrangerer ulike temaveker, som t.d. mat-, vinter- og erindringsveke, aktivitetar som fylgjer årstider/høgtider samt matlaging, kor, minibussturar, erindringsgruppe og diverse handverk</li> <li>• Dagsenteret har som mål å tilby fysisk aktivitet kvar dag t.d. trim, turar, sittedans, sykling med motiview, styrke- og balansetrening og senioryoga</li> <li>• Dagsenteret har trimpark, drivhus, kjøkkenhage, hønsehus og eigen gapahuk</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjev beskjed så snart som råd om vedkomande ikkje kan delta på dagtilbodet</li> <li>• Tek med nødvendig medisin og hjelpemiddel</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Du har ansvar for forsvarleg tilkomst til bustaden dersom du nyttar transportteneste frå kommunen, t.d. brøyting/strøing vinterstid</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Dagaktivitetstilbod/sysseletting til personar med utviklingshemming

Type teneste	Dagaktivitetstilbod/sysseletting til personar med utviklingshemming
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2, 6 b.</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukarrettigheter § 2-1.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukarrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS - registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetypen 4: Dagaktivitetstilbod.
<b>Kostnad</b>	Tenestemottakar betalar ikkje kostpengar.
<b>Mål for tenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gje trivsel og hjelpe til å kunne delta med samfunnsnyttig arbeid/aktivitet ut frå egne føresetnader</li> <li>Ha ein strukturert og meningsfull kvardag</li> <li>Vere deltakar i ein sosial samanheng</li> <li>Ivareta behov for fysisk aktivitet og sansestimulering</li> </ul>
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenesta er eit tilbod til personar i aldersgruppa 18 - 67 år som har medfødd eller erverva skade – frå lettare grad til multifunksjonshemming, som av ulike årsaker ikkje kan delta i vanleg arbeidsliv</li> <li>Søkjjar har behov for å auke evne til eigenomsorg – fysisk, psykisk og/eller sosialt</li> <li>Søkjjar har behov for rettleiing, trening, aktivisering og vedlikehald av ferdigheiter</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Hamna dagsenter er eit interkommunalt tilpassa dagtilbod for menneske med utviklingshemming, heimehøyrande i Ørsta og Volda kommune. Senteret held til i Hamnegata 20, Volda</li> <li>Tilbodet til brukarane ved dagsenteret blir individuelt tilrettelagt utifrå den einkilde sine behov for aktivisering, trening og meistring. For mange er dagsenteret ein arbeidsplass der tilpassa arbeidsoppgåver gir auka sjølvkjensle, glede og meining i kvardagen</li> <li>Tenesta kan bli tildelt inntil 5 dagar i veka</li> <li>Dagsenteret er stengt tre veker om sommaren, alle heilagdagane og dagane mellom jul- og nyttårshelg og i påskeveka</li> </ul>

<b>Oppgaver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Følge til fastlege/lege/tannhelseteneste eller spesialisthelsetenesta</li> </ul>
<b>Forventingar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Brukar blir møtt med respekt og forståing</li> <li>Tilbodet vert tilrettelagt slik at den einkilde føler meistring i dei arbeidsoppgåvene dei gjer</li> <li>Open dialog og tett samarbeid om utforming av tenesta til brukar</li> </ul>
<b>Forventingar til Tenstemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Deltaking i eige tilbod</li> <li>Oppmøte etter avtale</li> <li>Gjev beskjed dersom han/ho ikkje kan møte opp/delta</li> <li>Tek med seg nødvendig medisin og hjelpemiddel</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

### Dagaktivitetstilbod til personar med psykisk helse- og eller rusutfordring

Type teneste	Dagaktivitetstilbod til personar med psykisk helse. og /eller rusutfordring
<b>Lovgrunnlag</b>	Møteplassen Gnisten og Styrk-arbeid: <a href="#">Lov om helse- og omsorgstenester § 3-3.</a> Styrk-aktiv: <a href="#">Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtenestelova) § 20 a</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a> Styrk-aktiv: Klage må sendast NAV Ørsta/Volda.
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 4: Dagaktivitetstilbod.
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
<b>Mål for tenesta</b>	Aktiviseringstilbodet er eit helsefremmande tiltak og vert gjeve for å unngå isolasjon, bidra med motivasjon, hjelp og støtte til å meistre utfordringar i kvardagen gjennom å etablere sosiale fellesskap og bygge nettverk og utvikle tryggleik i samvær med andre
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Møteplassen Gnisten er eit lågterskeltilbod for menneske over 18 år som har eller har hatt rusproblem eller psykiske vanskar/lidingar</li> <li>Tenestemottakar får tenesta ved tilvising frå lege, spesialisthelsetenesta eller ved å ta direkte kontakt med tenesta. Bruk gjerne kommunen sitt søknadsskjema</li> <li>Tilvist frå NAV på aktivitetsplikt</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Møteplassen Gnisten og Styrk-arbeid held til i den gamle prestegarden i Prestegata 2, Volda.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• På Gnisten møtest ein i ei trygg og open atmosfære og driv ulike aktivitetar med dei ressursar ein har. Gnisten er i stor grad brukarstyrt og brukarane er med og formar dagane sjølve</li> <li>• Tilbod om variert arbeidstrening, kreativ aktivitet, friluftaktivitet, lesegruppe, hagegruppe, kafégruppe</li> </ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er ikkje kommunal transport til og frå tenestetilbodet</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer respektfullt i møte med tenestemottakarar</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjev beskjed så snart som råd dersom ein ikkje kan delta på dagtilbodet</li> <li>• Tek med seg nødvendig medisin og hjelpemiddel</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Om bustadar og hjelp til bustad

### Omsorgsbustad med heildøgnsbemanning

Type teneste	Omsorgsbustad med bemanning
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-7.</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1.</a>  <a href="#">Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskild tilrettelagd for heildøgnstenester.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 12: Omsorgsbustad.
<b>Kostnad</b>	Bebuar inngår husleigekontrakt og betalar husleige og straum. I bemanna bustadar for eldre betalar ein også fellesutgifter. Det er mogleg å nytte seg av felles innkjøpsavtale for forbruksvarer.
<b>Mål for tenesta</b>	Å kunne huse bebuarar med nedsett funksjonsnivå, slik at desse kan ha eit mest mogleg sjølvstendig liv
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personar med fysisk, psykisk eller sosialt funksjonstap, med behov for tilsyn/omsorg heile døgnet. Tiltak og tenester i heimen skal vere prøvd og/eller vurdert, utan å gje tilfredsstillande kompensasjon for funksjonstapet før tildeling. (<a href="#">Sjå lokal forskrift</a>)</li> </ul>

Kvalitetstandard for helse- og omsorgstenester i Volda kommune

<p><b>Praktiske opplysningar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen har bemanna omsorgsbustadar knytt til bu- og habiliteringsteneste, rus- og psykisk helseteneste og for eldre. Det kan vere ulike kriterium som ligg til grunn for tildeling av dei ulike omsorgsbustadane</li> <li>• Søkjar kan ikkje søkje på ein bestemt bustad etter lokalisering. Kommunen tildeler den bustad som er ledig og stettar behova til søkjaren</li> <li>• Dersom ein takkar nei til tildelt bustad vert saka avslutta og det må søkjast på nytt dersom behovet endrar seg</li> <li>• Omsorgsbustad kan bli tildelt for eit avgrensa tidsrom</li> <li>• Leigeforholdet vert regulert av Husleigelova. Husleigesats etter gjeldande satsar</li> <li>• Leigetakar kan søkje bustønad hjå Husbanken</li> <li>• Tenestemottakar må sjølv møblere bustaden og ha eiga innbuforsikring.</li> <li>• Tenestemottakar må sjølv melde flytting til Folkeregisteret, Posten mm.</li> <li>• Tenesta nyttar digitale tilsyn som verktøy for personalet. Dette skal bidra til betre søvn, tryggleik og hjelp til rett tid.</li> </ul>
<p><b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dagleg vedlikehald som reinhald, skifte lyspærer, opne tette slukar og liknande som er knytt til normal slitasje/forbruk er eit privat ansvar</li> <li>• Nedvask av omsorgsbustad ved utflytting</li> </ul>
<p><b>Forventningar til tenesteytar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenesteytar opptretr respektfullt i møte med tenestemottakar</li> <li>• Vidareformidle meldingar om feil eller manglar ved bygget til Eigedomsavdeling</li> </ul>
<p><b>Forventningar til tenestemottakar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestemottakar opptretr respektfullt i møte med tenesteytar</li> <li>• Tenestemottakar deltek i dagleglivet sine gjeremål i den grad vedkomande klarar det</li> <li>• Bebuar søker om tenester i bustaden, til dømes matombering og praktisk bistand</li> <li>• Gjer seg kjend med vedtak</li> <li>• Vi forventar at tenestemottakar har vurdert nødvendige utbetringar av eigen bustad før ein søker omsorgsbustad</li> <li>• Det vert forventa at tenestemottakar har vurdert å kjøpe eller leige funksjonell bustad på den private marknaden, men at dette ikkje har ført fram</li> <li>• Bebuar seier opp bustad skriftleg ved opphøyr. Bebuar/pårørande har ansvar for utflytting og nedvask av bustaden. Husleige skal betalast fram til bustaden er utflytta og at nedvask er godkjend av tenesta. Grunna stor etterspurnad etter omsorgsbustadar, ber helse- og omsorgstenesta om at utflytting og nedvask vert gjort så snart som mogeleg.</li> <li>• Påørørande blir oppmoda om å vaske finare tøy som treng varsam vask</li> </ul>
<p><b>Merknad</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Som hovudregel erstattar ikkje kommunen eigendelar som forsvinn eller kle som forsvinn eller blir øydelagt i vask.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bebuarar blir oppmoda om å ikkje oppbevare eigendelar av høg verdi og kontantar på romet</li> </ul> <p>Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.</p>
--	--

## Omsorgsbustad utan bemanning

Type teneste	Omsorgsbustad utan bemanning
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunen ansvar på det boligsosiale feltet Bustadsosiallov (boligsosiallov)</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a> og <a href="#">Forvaltningslova §28 andre ledd.</a> for vedtak som ikkje handlar om rettar etter pasient- og brukarrettslova. Kommunal klagenemnd.
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 12: Omsorgsbustad.
<b>Kostnad</b>	Bebuar inngår husleigekontrakt og betalar husleige og straum.
<b>Mål for tenesta</b>	Omsorgsbustaden skal bidra til at bebuaren kan vere mest mogeleg sjølvstendig og trygg og at offentleg teneste skal vere lett tilgjengeleg.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilbodet er for personar som treng særskilt tilrettelagt bustad, som er utan bustad og ikkje er i stand til å skaffe deg bustad sjølv, eller hjelp frå andre. Det må vere anten økonomiske, helsemessige eller sosiale forhold som gjer at du får tilbod om bustad gjennom kommunen.</li> <li>• Søkjar må vere over 18 år, og skal som hovudregel ha vore folkeregistrert i kommunen i minst dei to føregåande åra</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunal bustad inneber tilbod om bustad med husleigekontrakt og du får ikkje automatisk tilgang på andre tenester. Bebuar må søke på tenester han/ho har behov for og tildeling skjer på bakgrunn av individuell vurdering og enkeltvedtak</li> <li>• Søkjar kan ikkje søkje på ein bestemt bustad etter lokalisering. Kommunen tildeler den bustad som er ledig og stettar behova til søkjaren</li> <li>• Om ein takkar nei til tildelt bustad vert saka avslutta og det må søkjast på nytt dersom behovet endrar seg</li> <li>• Omsorgsbustaden kan bli tildelt for ei avgrensa periode</li> <li>• Leigeforholdet vert regulert av Husleigelova. Husleigesats er etter gjeldande satsar</li> <li>• Leigetakar kan søkje bustønad hjå Husbanken. Søknad om stønad sendast til konsulent ved økonomiavdelinga i kommunen</li> <li>• Tenestemottakar må sjølv møblere bustaden og ha eiga innbuforsikring</li> <li>• Tenestemottakar må sjølv melde flytting til Folkeregisteret, Posten m.m.</li> <li>•</li> </ul>

<b>Oppgaver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dagleg vedlikehald som reinhald, skifte lyspærer, opne tette slukar og liknande som er knytt til normal slitasje/forbruk er eit privat ansvar.</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareformidle meldingar om feil eller manglar ved bygget til Eigedomsavdeling</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenestemottakar opptrer respektfullt i møte med tenesteytar og medbebuarar</li> <li>Tenestemottakar deltek i daglege gjeremål i den grad vedkomande klarar deg</li> <li>Bebuar søker om tenester i bustaden, som til dømes matombering og praktisk bistand</li> <li>Gjer seg kjend med vedtaket</li> <li>Vi forventar at tenestemottakar har vurdert nødvendige utbetringar av eigen bustad før ein søker omsorgsbustad</li> <li>Det vert forventa at tenestemottakar har vurdert å kjøpe eller leige funksjonell bustad på den private marknaden, men at dette ikkje har ført fram</li> <li>Bebuar seier opp bustad ved opphøyr og tek ansvar for nedvask ved utflytting. Husleiga vert stoppa når det er nedvaska og godkjent</li> <li>Gjev beskjed til heimetenestene dersom ein oppdagar manglar eller skade ved bygg, slik som vasslekkasje, defekt vindauge eller liknande</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Kommunal gjennomgangsbustad

Type teneste	Kommunal gjennomgangsbustad
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunen ansvar på det boligsosiale feltet Bustadsosiallov (boligsosiallov)</a> Kommunal gjennomgangsbustad kan også tildelast utan bruka av lovheimel.
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Forvaltningslova § 28</a> gjeld for tildeling av kommunal bustad. Kommunal klagenemnd <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2</a> gjeld for tildeling etter <a href="#">bustadssosiallov</a> .
<b>IPLOS-teneste</b>	Ja. IPLOS tenestetype 13: Anna bustad.
<b>Kostnad</b>	Bebuar betalar husleige etter vedtekne satsar.
<b>Mål for tenesta</b>	Hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden med å skaffe seg ein stabil busituasjon.

<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Søkjar må vere over 18 år og skal som hovudregel ha vore folkeregistrert i kommunen i to år</li> <li>• Søkjar må vere utan eigen bustad, eller at noverande bustad ikkje stettar behova for tilpassa/ tilrettelagt bustad</li> <li>• Søkjar må vere utan tilstrekkeleg inntekt og/ eller formue som gjer det mogeleg å skaffe seg bustad på eiga hand</li> <li>• Det kan bli stilt krav om at tenestemottakar inngår avtale med kommunen om butrening</li> <li>• Prioriterte grupper er:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Menneske med funksjonsnedsetting</li> <li>○ Flyktningar</li> <li>○ Personar som kjem frå institusjon/ fengsel</li> <li>○ Personar med økonomiske problem</li> </ul> </li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunale gjennomgangsbustadar vert tildelt for eit avgrensa tidsrom</li> <li>• Leigeforholdet vert regulert av Husleigelova</li> <li>• Leigeavtale:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vert inngått med kommunen</li> <li>○ Er tidsavgrensa</li> <li>○ Leigeavtalen kan blir fornya etter søknad og særskilt vurdering</li> <li>○ Leigetakarar kan søkje bustønad hjå Husbanken</li> </ul> </li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Set seg inn i kontrakt og hus reglar for bustaden</li> <li>• Tek i mot eventuelt tilbod om bu trening</li> <li>• Ivaretek bustaden</li> <li>• Eiga innbuforsikring</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Set seg inn i kontrakt og husreglar for bustaden</li> <li>• Tek i mot eventuelt tilbod om butrening</li> <li>• Ivaretek bustaden</li> <li>• Eiga innbuforsikring</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

### Individuelt tilpassa bistand til vanskeligstilte på bustadmarknaden

Type teneste	Individuelt tilpassa bistand til vanskeligstilte på bustadmarknaden
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet § 6.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a>
<b>Iplos-registrering</b>	Nei
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.

<b>Mål for tenesta</b>	Forebygge bustadsosiale utfordringar og bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få bistand til å skaffe seg og behalde eigna bustad.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Personar som er vanskelegstilte i bustadmarknaden og som difor ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden og treng hjelp til å skaffe eller behalde eigna bustad.</li> </ul>
<b>Forventingar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bistanden sin art og omfang skal vere tilpassa den enkelte sitt behov m.a. råd og rettleiing i høve økonomi, bumeistring, statlege og kommunal tenestetilbod eller andre høve av betydning for busituasjonen.</li> <li>Kommunen kan også bistå med å søke støtte-, låne- og tilskotsordningar eller kommunalt disponert bustad, bistand i ein konkret kjøps- eller leigeprosess eller bistand til å forebygge utkasting.</li> <li>Kan også omfatte bistand til å skaffe bustad med særleg tilpassing og med hjelpe- og vernetiltak for dei som trenger det på grunn av alder, funksjonsnedsetting eller av andre årsaker.</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Har eit eigendefinert ønske om hjelp</li> <li>Held avtalar</li> <li>Gir beskjed i god tid dersom du blir hindra i å møte</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Institusjonstenester

### Langtidsopphold

Type teneste	Langtidsplass i institusjon
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2, 6 c.</a> , <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1.</a> og <a href="#">Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskild tilrettelagd for heildøgntenester.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient og brukerrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 21: Langtidsopphald i institusjon.
<b>Kostnad</b>	Det er krav om vederlag for langtidsopphald jf. Vederlagsforskrifta.
<b>Mål for tenesta</b>	Yte pleie og omsorg til tenestemottakarar som har eit omfattande og døgkontinuerleg hjelpebehov, som ikkje kan dekkjast på forsvarleg måte i bemanna omsorgsbustad/eigen heim.

<p><b>Kriterium for tildeling</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personar med fysisk, psykisk eller sosialt funksjonstap, med behov for tilsyn/omsorg heile døgnet. Tiltak og tenester i heimen skal vere prøvd og/eller vurdert, utan å gje tilfredsstillande kompensasjon for funksjonstapet før tildeling. <a href="#">(Sjå lokal forskrift)</a></li> </ul>
<p><b>Praktiske opplysningar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Langtidsopphald i sjukeheim inneber:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Døgntilgjengeleg pleie- og omsorgstilbod som ikkje er tidsavgrensa</li> <li>○ Regelmessig tilsyn av sjukeheimslege og etter behov. Ved tildeling av langtidsplass ved institusjon tek sjukeheimslegen over medisinsk fagleg oppfølging. Ein vil oppmode om at bebuaren melder seg av fastlegeordninga, slik at listeplassen kan kome andre innbyggjarar til gode. Kommunen kan bistå med dette</li> <li>○ Kontakt med spesialisthelseteneste og tannhelseteneste etter behov</li> <li>○ Tilbod om ergo- og fysioterapeutteneste etter behov</li> </ul> </li> <li>• Vederlaget dekkjer kost, losji, medisinar m.v., samt helsetenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1</li> <li>• Tenester som ikkje er eit kommunalt ansvar, t.d. spesialisthelseteneste, inkl. reise til og frå, må du betale eigenandel for</li> <li>• Private eigendelar er ikkje forsikra av kommunen</li> <li>• Langtidsopphaldet kan endrast dersom tenestemottakar si helse og funksjonsnivå endrar karakter. Dette kan t.d. også vere bytte av bugruppe-/omsorgssenter</li> <li>• Personar som har plass på skjerma eining kan bli flytta til ein somatisk avdeling, dersom fysisk sjukdom og behov for pleie vert for dominerande</li> <li>• Rommet kan møblerast i samråd med institusjonen</li> <li>• Tenestemottakar som har rett til langtidsopphald i institusjon eller bustad med heildøgns pleie og omsorgsteneste kan bli sett på venteliste dersom det ikkje er plass (jf. forskrift om venteliste)</li> <li>• Dersom pårørande ønsker å ta tenestemottakar heim for kortare periode og det er behov for helsetenester i form av hjelp til personlig hygiene og medisinsk oppfølging utover det familien sjølv klarer må det utarbeidast ein avtale i god tid i førevegen</li> <li>• Tenesta nyttar digitale tilsyn som verktøy for personalet. Dette skal bidra til betre søvn, tryggleik og hjelp til rett tid.</li> </ul>
<p><b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kostnadar/utgifter som ikkje inngår i vederlaget:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Telefonutgifter og avisabonnement</li> <li>○ Frisør</li> <li>○ Fotpleie</li> <li>○ Andre velværebehandlingar</li> <li>○ Klede</li> <li>○ Hygieneprodukt utover det institusjonen tilbyr</li> <li>○ Privat tannlege og fastlegetimar</li> </ul> </li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Brillor og høyreapparat</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer på ein respektfull måte overfor tenestemottakar og pårørande</li> <li>• Gir hjelp til eigenomsorg i samsvar med tenestemottakar sine eigne ressursar, og legg til rette for eit oppnå optimalt funksjonsnivå</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gir nødvendige opplysningar i samband med vederlagsberekning</li> <li>• Tenestemottakar, pårørande eller verje skal melde flytting til Folkeregisteret, Posten mm</li> <li>• Tek ansvar for personlege verdisaker i sjukeheimen</li> <li>• Du har merka private klede med namn</li> <li>• Tenestemottakar utfører sjølv det han/ho meistarar</li> <li>• Tenestemottakar og pårørande forstår at vedtaket kan bli endra ved betring av funksjon, og der behov for heildøgns pleie og omsorg ikkje lenger er tilstades</li> <li>• Pårørande blir oppmoda om å vaske finare tøy som treng varsam vask.</li> <li>• Pårørande blir oppmoda til å fylgje til behandling-/aktivitetar</li> </ul>
<b>Merknad</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Som hovudregel vert ikkje private eigendelar, kle som forsvinn -eller blir øydelagt i vask erstatta av kommunen. Bebuarar blir oppmoda om å ikkje oppbevare eigendelar av høg verdi og kontantar på romet</li> </ul> <p>Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.</p>

## Korttidsopphold

Type teneste	Korttidsopphald
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse og omsorgstenester § 3-2, 6c.</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukar rettigheter § 2-1andre ledd.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukar rettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetypen 18: Tidsavgrensa opphald: Utgreiing og behandling. IPLOS-tenestetypen 20: Tidsavgrensa opphald: Anna.
<b>Kostnad</b>	Det er krav om eigenbetaling for korttidsopphald i institusjon jf. Vederlagsforskrifta.
<b>Mål for tenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje tilbod om heildøgns pleie- og omsorg i institusjon i ein tidsavgrensa periode, der tenestemottakar har behov for behandling og/eller vanskar med å fungere i eigen heim med tilrettelagt hjelp</li> </ul>

Kvalitetstandard for helse- og omsorgstenester i Volda kommune

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Formålet med opphaldet er å kartlegge brukar sitt funksjonsnivå og evne til eigenomsorg, samt vurdere behovet for framtidige tenester for at brukar skal kunne halde fram med å bu i eigen bustad</li> </ul>
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenestemottakar må ha eit tidsavgrensa behov for døgnkontinuerleg observasjon, oppfølging og behandling</li> <li>Det er behov for terminalpleie og palliativ behandling</li> <li>Ved behov for observasjon og vurdering må det først bli avklara med lege om behovet er av ei slik art at nødvendig helsehjelp må utførast av spesialisthelsetenesta</li> <li>Andre relevante tiltak skal på førehand vere vurdert og/eller utprøvd</li> <li>Personar med samtykkekompetanse må sjølv ønske tenesta</li> <li>Akutt sjukdom hos omsorgsytar</li> <li><u>Tidsavgrensa opphald: Utgreiing og behandling:</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Det er behov for tettare medisinsk og funksjonsmessig observasjon, oppfølging og behandling, til dømes v/tidleg utskriving frå sjukehus</li> <li>For utskrivingsklare pasientar frå sjukehus, må opplysningane frå sjukehuset vere av ein slik karakter at det ikkje vil vere hensiktsmessig å prøve heim, før rett omsorgsnivå er kartlagt og vurdert. Opphaldet må vere avklart med pasient og pårørande på førehand av sjukehuset</li> <li>Ved behov må det gjerast ei tverrfagleg utgreiing og vurdering av brukar sin situasjon og funksjon</li> <li>Opphaldet kan omfatte både utgreiing og behandling</li> </ul> </li> <li><u>Tidsavgrensa opphald: Anna:</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Gjeld andre opphald som verken er utgreiing/behandling, rehabilitering, avlasting eller akutt-/strakshjelp-døgnopphald</li> </ul> </li> </ul>
<b>Praktiske opplysingar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenesta nyttar digitale tilsyn som verktøy for personalet. Dette skal bidra til betre søvn, tryggleik og hjelp til rett tid</li> </ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Transport til og frå opphaldet</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenesteytar skal opptre på ein respektfull måte</li> <li>Legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar</li> </ul>
<b>Forventingar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket</li> <li>Brukar utfører sjølv det han/ho meistrar</li> <li>Sørge for at private klede er merka med namn</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Dag/nattopphold i institusjon

Type teneste	Dag/ nattopphald i institusjon
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse og omsorgstenester § 3-2, nr 5.</a> og Lov om pasient- og brukar rettigheter § 2-1 andre ledd.
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukar rettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 17: Dagopphald i institusjon. IPLOS-tenestetype 22: Nattopphald i institusjon.
<b>Kostnad</b>	Det er krav om eigenbetaling for dag og nattopphald i institusjon jf. Vederlagsforskrifta.
<b>Mål for tenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilbod til heimebuande, føretrinnsvis eldre personar som har eit omfattande hjelpebehov som ikkje kan oppfyllast i eigen heim, som av helsemessige årsaker ikkje kan/har høve til å nytte seg av andre aktivitetstilbod/dagsenter i kommunen.</li> </ul>
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenesta skal vere av førebyggjande eller re/habiliterande karakter som til dømes:</li> <li>Førebygge einsemd</li> <li>Vedlikehalde fysiske, psykiske eller sosiale ferdigheiter</li> <li>Vere eit ledd i eit vurdering eller rehabiliteringsopplegg</li> <li>Førebygge behov for omfattande heimeteneste eller heildøgns omsorgsteneste</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenesta inkluderer aktivisering, sosial stimulering, pleie og omsorg ved svekka funksjonsnivå</li> <li>Tenestemottakar er ansvarleg for transport til/frå opphaldet</li> <li>Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå avlastingsopphald i institusjon, kan heimetenesta/korttids-seksjonen hjelpe til med å bestille transport via Pasientreiser. Personalet på avdeling kan bestille transport heim</li> <li>Den som tek i mot dag/nattopphald må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin, hjelpemiddel</li> <li>Tenesta nyttar digitale tilsyn som verktøy for personalet. Dette skal bidra til betre søvn, tryggleik og hjelp til rett tid</li> </ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Transport til og frå opphaldet.</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenesteytar skal opptre på ein respektfull måte</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og egne ressursar</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket</li> <li>• Brukar utfører sjølv det han/ho meistrar</li> <li>• Sørge for at private klede er merka med namn</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Rehabilitering i institusjon

Type teneste	Rehabilitering i institusjon
<b>Lovgrunnlag</b>	<p><a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2, 6 c.</a>, Lov om pasient- og brukerrrettigheter § 2-1.</p> <p>og Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2 pkt.5.</p>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetypen 19: Tidsavgrensa opphald: Re-/habilitering.
<b>Kostnad</b>	Det er krav om eigenbetaling for korttidsopphald i institusjon jf. Vederlagsforskrifta.
<b>Mål for tenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje tilbod om rehabilitering til tenestemottakarar som har fått nedsett funksjonsevne som følgje av sjukdom eller skade</li> <li>• Tverrfagleg samarbeid med brukar i sentrum der brukar sine mål er avgjerande for tenesteytinga</li> <li>• Tenestemottakar skal oppleve meistring, og myndiggjerast til å ta del i eiga rehabilitering og overføre dette til andre aktivitetar i sin kvardag</li> <li>• Rehabilitering i institusjon vert nytta i ein avgrensa periode, med formål å sette tenestemottakar i stand til å gjenvinne eller betre funksjonsnivå og evne til eigenomsorg</li> <li>• Brukar skal kunne reise heim etter avslutta rehabiliteringsopphald</li> </ul>
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det må føreligge eit potensiale for rehabilitering</li> <li>• Tenestemottakar har eit rehabiliteringsbehov som fortrinnsvis ikkje krev rehabilitering på 2. eller 3. linjenivå</li> <li>• For å ha rett på rehabilitering i institusjon må tenestemottakar ha behov for tverrfagleg rehabilitering, og behovet må vere slik at tenestene ikkje praktisk kan ytast i heimen til tenestemottakar</li> <li>• Tenestemottakar må vere motivert eller kunne motiverast for rehabilitering, og må vere i stand til å yte eigeninnsats og brukarmedverknad i rehabiliteringsprosessen</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenestemottakar må vere tilstrekkeleg medisinsk utgreia</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tidsavgrensa opphald – rehabilitering er tverrfagleg tilnærming med fokus på fysisk, psykisk og sosial meistring og funksjonsauke innan dei arenaer som brukar opphald seg mest. Dette inkluderer kartlegging og tilrettelegging av omgjevnadar</li> <li>Tenestemottakar må ha med seg nødvendig personleg utstyr og hjelpemiddel (dersom avdelinga ikkje har slike hjelpemiddel tilgjengeleg)</li> <li>Tenestemottakar er ansvarleg for transport til/frå rehabiliteringsopphaldet</li> <li>Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå opphaldet, kan heimetenesta bidra med å bestille transport via Pasientreiser. Personalet på avdeling kan bestille transport heim</li> <li>Tenesta nyttar digitale tilsyn som verktøy for personalet. Dette skal bidra til betre søvn, tryggleik og hjelp til rett tid</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenesteytar opptrer på ein respektfull måte</li> <li>Samarbeide med tenestemottakar om målsetting for opphaldet</li> <li>Skal legge til rette for at tenestemottakar, gjennom målretta tverrfagleg samarbeid, får nytta og trene opp egne ressursar slik at dei kan reise heim til eigen bustad etter opphaldet</li> <li>Sjukaheimslege vurderer tenestemottakar ved innkøst, og gjev oppfølging og tilsyn etter behov under opphaldet</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenestemottakar formidlar gjennom målsettingsarbeidet kva som er viktig for han/ho å oppnå under opphaldet</li> <li>Den enkelte tenestemottakar utfører sjølv det han/ho meistrar, både saman med personalet og på eige initiativ</li> <li>Gjere seg kjend med innhaldet i vedtaket</li> <li>Sørger for at private klede er merka med namn</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

### ØHD -tilbod (Øyeblikkeleg hjelp tilbod)

Type teneste	ØHD - Øyeblikkeleg hjelp tilbod
<b>Lovgrunnlag</b>	<p><a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-5, tredje ledd.</a></p> <p>Ved tildeling av kommunale øyeblikkeleg hjelp døgnplassar gjeld ikkje Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker sine regler om enkeltvedtak, jf. <a href="#">Lov om pasient- og brukerrrettigheter § 2-7 første ledd.</a></p>
<b>Klageadgang</b>	Nei.

<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetypen 25: KAD – Akutt/straks hjelp.
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
<b>Mål for tenesta</b>	Gje tilbod om akutt-/strakshjelp for brukarar som har behov for dette
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestemottakaren må sjølv ynskje eit tidsavgrensa opphald i institusjon, eller ein må vurdere samtykkekompetansen</li> <li>• Tenestemottakarar som kjem inn frå heimen etter førespurnad frå lege, skal ha ein avklart medisinsk situasjon og det skal ligge føre ein plan for vidare behandling</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenesta er døgnopphald for pasientar og brukarar som har behov for akutt-/øyeblikkeleg hjelp, som kommunen sjølv har høve til å utgreie, gje behandling eller omsorg til</li> <li>• Pasienten skal vere vurdert av lege i kommunen forut for ei innlegging, det er normalt fastlege eller legevakslege som legg ein pasient inn på ØHD</li> <li>• Tenestemottakar er ansvarleg for transport til og frå korttidsopphaldet</li> <li>• Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå opphaldet, kan ein å bestille transport via Pasientreiser og betale eigenandel</li> <li>• Tenesta nyttar digitale tilsyn som verktøy for personalet. Dette skal bidra til betre søvn, tryggleik og hjelp til rett tid</li> </ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Transport til/frå opphaldet.</li> <li>• ØHD skal ikkje erstatte ei nødvendig sjukehusinnlegging.</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenesteytar skal opptre på ein respektfull måte</li> <li>• Følgje opp plan frå innleggande lege, eventuelt be om nødvendige opplysningar</li> <li>• Legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg, som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Barnebustad

Type teneste	Barnebustad
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2, 6 c.</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1.</a>

<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja.IPLOS-tenestetype 21: Langtidsopphald i institusjon.
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling for tenesta.
<b>Mål for tenesta</b>	Ei heildøgns helse- og omsorgsteneste for barn og unge under 18 år, som bur utanfor foreldreheimen grunna omfattande omsorgs- eller oppfølgingsbehov.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• At barnet på grunn av sjukdom eller funksjonshemming har behov for nødvendige helse- og omsorgstenester i ein bustad utanfor foreldreheimen.</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bustaden er samlokalisert med avlastingstilbodet på Blåbærhaugen i underetasjen på Fjordsyn.</li> <li>• Foreldre/føresette har framleis alle rettar sjølv om barnet oppheld seg i barnebustad.</li> <li>• Tilbodet om barnebustad kan gjelde til barna er 18 år.</li> <li>• Kommunen skal sørgje for utflytting til eigen bustad før barna fyller 18 år. Utflyttingsplan skal vere klar ved fylte 16 år.</li> <li>• Tenesta nyttar digitale tilsyn som verktøy for personalet. Dette skal bidra til betre søvn, tryggleik og hjelp til rett tid</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer respektfullt i møte med tenestemottakar og føresette.</li> <li>• Sikre barnet gode og trygge helse- og omsorgstenester.</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjere seg kjent med vedtaket.</li> <li>• Delta på samarbeidsmøter og vere delaktige i avgjersler som gjeld barnet sitt behov.</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Koordinerande eining

### Individuell plan, koordinator og barnekoordinator

Type teneste	Individuell plan, koordinator og barnekoordinator
Lovgrunnlag	<a href="#">Lov om helse- og omsorgstenester § 3-1, § 7-1, § 7-2 og § 7-3.</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-5 b og c.</a>
Klageadgang	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a>

Kvalitetstandard for helse- og omsorgstenester i Volda kommune

	Ikkje krav om enkeltvedtak, men avgjersla skal vere skriftleg og det skal opplysast om klageadgang.
IPLOS-registrering	Ja. Tenesta vert iplosregistrert, men har ikkje eiga tenestetype.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Tenestemottakar opplever at tenestetilbodet er meir samordna Barnekoordinator skal sikre betre samordning og betre samarbeid mellom tenestene til barn og unge
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Individuell plan er for personar med behov for koordinerte og langvarige tenester, og som treng bistand på fleire områder. Retten er uavhengig av alder, diagnose og funksjon.</li> <li>• Pasient/brukar med behov for komplekse eller langvarige og koordinerte tenester har rett til koordinator</li> <li>• Familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester, har rett til barnekoordinator. Barnekoordinator er eit lågterskeltilbod.</li> </ul>
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Behov for barnekoordinator, koordinator og individuell plan skal meldast på eige skjema til koordinerande eining, som er ein del av forvaltningskontoret. Meldeskjema på kommunen sine heimesider.</li> <li>• Volda kommune nyttar Visma Flyt Samspill som plattform for arbeidet med individuell plan. Eit samhandlingsverktøy for enklare tverrfagleg samhandling i kommunen.</li> <li>• Koordinator/barnekoordinator kan vere ein av fagpersonane til tenestemottakar som koordinerer tenestene og sikrar framdrift i arbeidet med den individuelle planen til vedkomande. Koordinator/barnekoordinator sørgjer for at tenestemottakar, og eventuelt pårørande, vert involverte i arbeidet med planen. Tenestemottakar sine ønskjer skal vektleggjast ved val av koordinator/barnekoordinator.</li> <li>• Koordinerte tenester betyr at behovet gjeld to eller fleire helse- og omsorgstenester</li> </ul>
Forventningar til tenesteytar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forventningar til dei som tildeler tenesta: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Informere om og tildele individuell plan og koordinator/barnekoordinator der dei ser det kan vere eit behov for dette</li> </ul> </li> <li>• Forventningar til koordinator/barnekoordinator:</li> <li>• Involvere tenestemottakar/familien og utarbeide ein plan basert på måla til vedkomande.</li> <li>• Ha oversikt over situasjonen til tenestemottakar/familien.</li> <li>• Bidreg til at koordinerte tenester samarbeider</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidreg til at tenestemottakar opplever at tenestene heng saman, slik at vedkomande kan nå måla sine</li> </ul>
Forventingar til tenestemottakar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestemottakar/føresette skal vere ein aktiv part i utarbeiding av individuell plan</li> <li>• Vere deltakar i ansvarsgruppemøter</li> <li>• Gje tilstrekkeleg fritak frå teieplikta, for at fagpersonane kan samarbeide</li> </ul>
Merknad	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Pårørandestøtte

### Avlastning i institusjon og heildøgnsbemanna bustad

Type teneste	Avlastning i institusjon og heildøgns-bemanna bustad
Lovgrunnlag	<a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2, 6 d.</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § § 2-1 og 2-8</a>
Klageadgang	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter §7-2.</a>
IPLOS - registrering	Ja. IPLOS-tenestetype 8: Avlastning i institusjon.
Kostnad	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
Mål for tenesta	Å avlaste personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid, slik at den omsorgstrengande kan bu lengst mogeleg i eigen heim.
Kriterium for tildeling	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilbodet er for personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid</li> <li>• Omsorgsbehovet er av ein slik art at det gjev avgrensa mogelegheit til nødvendig og regelmessig ferie/fritid for omsorgsyta</li> <li>• Den omsorgstrengande kan ikkje vere åleine heile eller delar av døgnet</li> <li>• Omsorgsbehovet skal vere omfattande og av fysisk, psykisk eller sosial karakter</li> </ul>
Praktiske opplysningar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avlastinga er tidsavgrensa</li> <li>• Tenestemottakar må sjølv betale for aktivitetar som ikkje skjer i regi av institusjonen</li> <li>• Den som skal på avlastingsopphald må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel (dersom ikkje avdelinga har slike hjelpemiddel tilgjengeleg)</li> </ul>

## Kvalitetstandard for helse- og omsorgstenester i Volda kommune

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Omfang og innhald av tenesta vert individuelt tilpassa etter avtale med tenestemottakar. Kommunen har høve til å avgrense tilbodet, etter faglege vurderingar</li> <li>• Dersom tenestemottakar er avhengig av å reise med drosje til/frå avlastingsopphald i institusjon, kan heimetenesta/korttids-seksjonen hjelpe til med å bestille transport via Pasientreiser. Personalet på avdeling kan bestille transport heim</li> <li>• Tenesta nyttar digitale tilsyn som verktøy for personalet. Dette skal bidra til betre søvn, tryggleik og hjelp til rett tid</li> <li>• Tenesta nyttar digitale tilsyn som verktøy for personalet. Dette skal bidra til betre søvn, tryggleik og hjelp til rett tid</li> </ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilbodet inneheld ikkje utgreiing, behandling og rehabilitering</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptrer på ein respektfull måte</li> <li>• Legg til rette for at den omsorgstrengande får pleie og omsorg, som støttar opp under eigenomsorg og eigne ressursar</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket</li> <li>• Den omsorgstrengande utfører sjølv det han/ho meistrar</li> <li>• Sørgjer for at private klede er merka med namn</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Omsorgstønad

Type teneste	Omsorgstønad
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse og omsorgstenester § 3-6.</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukeettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 11: Omsorgstønad.
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
<b>Mål for tenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Omsorgstønad er eit støttetiltak for pårørande som skal bidra til gode rammer for privat omsorg, og gjere det mogleg for private omsorgsytarar å halde fram med omsorgsarbeidet</li> <li>• Omsorgstønad er meint å gje økonomisk anerkjenning for det omsorgsarbeidet den private omsorgsytaren gjer, og kan givast i kombinasjon med eller i staden for andre helse- og omsorgstenester</li> </ul>

<p><b>Kriterium for tildeling</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vilkåra er at:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Omsorgsarbeidet er nødvendig</li> <li>○ Det nødvendige omsorgsarbeidet er «<i>særleg tyngjande</i>»</li> <li>○ Både omsorgsmottakar og omsorgsytar ønskjer at omsorgsarbeidet skal halde fram</li> </ul> </li> <li>• Moment som vert tatt omsyn til i vurderinga om omsorgsarbeidet er særleg tyngjande:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Omfanget av arbeidet</li> <li>○ Fysisk og/eller psykisk belastning</li> <li>○ Varigheit, fordeling over tid og når på døgnet</li> <li>○ Omsorgsytar si livs-, arbeids- og familiesituasjon</li> <li>○ Omsorgsplikt</li> <li>○ Inntektstap (gjev ikkje automatisk rett på omsorgsstønad)</li> </ul> </li> <li>• For at omsorgsstønad skal tildelast, må både kommunen og den som har behov for tenestene vurdere omsorgsytar si omsorgsevne som mest tenleg og naudsynt</li> <li>• Det må vere søkt om hjelpestønad frå NAV</li> <li>• Omsorgsstønad må vurderast oppimot andre tenester og tiltak</li> </ul>
<p><b>Praktiske opplysningar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Både omsorgsytar og omsorgsmottakar kan søke på tenesta</li> <li>• Omsorgsstønad vert gitt for ei avgrensa tidsperiode og vert revurdert ved behov/endra omsorgssituasjon</li> <li>• Omsorgsstønaden tek ikkje sikte på å godtgjere den som yt omsorg time for time, men er ein kompensasjon for meirarbeidet som vert gjort</li> <li>• Omsorgsstønad er skattepliktig inntekt</li> <li>• Timesats for omsorgsstønad er lik begynnarløn for assistentar, jf. HSU-sak 0012/01</li> <li>• Det vil bli laga oppdragsavtale mellom omsorgsytar og kommunen</li> <li>• Avtale om omsorgsstønad gir ikkje rett til feriepengar eller løn under sjukdom</li> <li>• Hjelpestønad frå NAV og andre tiltak kjem til fråtrekk ved utmåling av omsorgsstønad</li> <li>• Kommunen kan krevje at det vert søkt om hjelpestønad (NAV), og at dette er dokumentert før sak om omsorgsstønad vert handsama</li> <li>• Omsorgsstønaden tek slutt straks, og utan skriftleg varsel, når behovet til omsorgsmottakar vert borte</li> </ul>
<p><b>Forventningar til tenesteytar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vedtak og avtale om omsorgsstønad vert revurdert innan fristen som er satt for dette.</li> </ul>
<p><b>Forventningar til tenestemottakar</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gir nødvendig informasjon, samt samtykkje til å innhente relevante opplysningar for vurdering og tildeling av teneste</li> <li>• Gjer seg kjend med vedtak og oppdragsavtalen om omsorgsstønad</li> <li>• Omsorgsytar er pliktig å melde frå til forvaltningskontoret dersom:</li> <li>• Omsorgsytar oppheld seg i institusjon med heildøgns omsorg eller sjukehus i meir enn ei veke. Omsorgsstønaden vert då mellombels stoppa.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det oppstår endringar i omsorgsarbeidet som ligg til grunn for tildelt omsorgsstønning</li> <li>• Situasjonen til omsorgsytar endrar seg og det oppstår endringar som medfører avbrot i omsorgsarbeidet</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Opplæring og veiledning

Type teneste	Opplæring og veiledning (Pårørandestøtte)
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-6.</a> og <a href="#">Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1.</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukar rettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS - registrering</b>	Ja
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
<b>Mål for tenesta</b>	Betre kvardag for pårørande.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pårørande med særleg tyngjande omsorgsarbeid.</li> <li>• Om den pårørande med opplærings- eller rettleiingstiltak vert i stand til å ivareta pasient/brukar på ein forsvarleg måte.</li> <li>• Om opplæringa og/eller rettleiinga vil gjere den pårørande eigna til å ivareta eigen helse- og livssituasjon, i tillegg til å handtere rolla som både pårørande og omsorgsytar.</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplæringa og rettleiinga skal handle om det omsorgsytar treng for å utføre arbeidsoppgåvene: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Få innsikt i omsorgsarbeidet og innhaldet i tenesta</li> <li>○ Ivareta pasient/brukar på ein forsvarleg måte</li> <li>○ Ivareta sin eigen helse- og livssituasjon</li> <li>○ Samarbeide godt med offentlege tenester.</li> </ul> </li> <li>• Det kan vere opplæring og rettleiing knytt til den sjukdomen eller funksjonsnedsetjinga pasient/brukar har, eller det kan vere opplæring i utføringa av bestemte arbeidsoppgåver.</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vise respekt for den enkelte brukar og familie</li> <li>• Tenesta er så langt som råd utforma i samråd med tenestemottakar og individuelt tilrettelagt</li> <li>• Gjev beskjed så snart som råd om avtalar må endrast</li> </ul>

<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er tilstade ved avtala heimebesøk og/eller møter</li> <li>• Opptreer respektfull overfor tenesteytar</li> </ul>
--	--

## Avlastning barn

Type teneste	Avlastning barn
<b>Lovgrunnlag</b>	<a href="#">Lov om helse- og omsorgstenester § 3-2, 6 d.</a> og <a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter §§ 2-1 og 2-8</a>
<b>Klageadgang</b>	<a href="#">Lov om pasient- og brukerrettigheter § 7-2.</a>
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 7: Avlastning utanfor institusjon.  IPLOS-tenestetype 8: Avlastning i institusjon.
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
<b>Mål for tenesta</b>	Hindre overbelastning, gje omsorgsytar nødvendig ferie/fritid og mogelegheit til å ta del i vanlege samfunnsaktivitetar.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilbodet er for føresette og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid</li> <li>• Omsorgsbehovet er av ein slik art at det gjev avgrensa mogelegheit til nødvendig og regelmessig ferie/ fritid for omsorgsyteren</li> <li>• Omsorgsbehovet er av fysisk, psykisk eller sosial karakter, og langt større enn det som er normalt for barnet sin alder</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avlastning kan skje i heimen til barnet, i anna privat heim eller t.d. på Blåbærhaugen - kommunal avlastingsbustad for barn og unge. Blåbærhaugen ligg i underetasjen på Fjordsyn</li> <li>• Tildeling av avlastinga vert vurdert opp mot andre tenester og tiltak</li> <li>• Avlastingstilbodet gjeld i utgangspunktet ikkje på høgtidsdagar</li> <li>• Er det behov for avlastning utover det som ligg i vedtaket, må føresette søke særskilt om dette. Til dømes behov for avlastning på dagar der skulen er stengt</li> <li>• Barnet må ha med nødvendig personleg utstyr, medisinar, hjelpemiddel m.m. når dei skal på avlastning</li> <li>• Tenesta nyttar digitale tilsyn som verktøy for personalet. Dette skal bidra til betre søvn, tryggleik og hjelp til rett tid</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opptre på ein respektfull måte overfor barn og foreldre</li> <li>• Utarbeide tidsfesta plan for avlastning</li> <li>• Utpeike kontaktperson eller primærkontakt til barnet</li> </ul>

<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjere seg kjent med innhaldet i vedtaket</li> <li>• Pårørande blir oppmoda om å sørge for transport til/frå avlasting, inkludert transport av nødvendig utstyr</li> <li>• Gje beskjed så snart som råd, dersom barnet ikkje kjem til avtalt tid</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Kreftkoordinator

Type teneste	Kreftkoordinator
<b>Lovgrunnlag</b>	Tenesta er ikkje heimla i lov.
<b>Klageadgang</b>	Ikkje krav om enkeltvedtak og difor ingen klageadgang.
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetilbod 252: Kreftsjukepleie
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling
<b>Mål for tenesta</b>	Koordinatoren er med på å sikre ei trygg og heilskapleg omsorg i heimkommunen.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod der pasient eller andre kan kontakte kreftkoordinator i alle fasar av sjukdomsutviklinga. Tilbodet gjeld både pasient, pårørande, helsepersonell og andre aktuelle.</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kreftkoordinator kan tilby hjelp og støtte til kreftramma og deira pårørande</li> <li>• Kreftkoordinator kan vere eit bindeledd mellom fastlege, spesialisthelsetenesta og kommunen, samt formidle kontakt mellom dei ulike kommunale tenestene</li> <li>• Kreftkoordinator kan svare på faglege spørsmål, gje rettleiing og samtalar, og er med på å sikre ei trygg og heilskapleg omsorg i heimkommunen</li> <li>• Kreftkoordinator kan vere ein støttespelar for barn og unge som er ramma av kreft, eller som er pårørande til kreftsjuke</li> <li>• Kreftkoordinator er ikkje ei døgnbemanna teneste</li> <li>• Kreftkoordinator erstattar ikkje andre tenester, som t.d. heimeteneste, praktisk bistand eller støttekontakt</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vise respekt for den enkelte brukar og familie</li> <li>• Tenesta er så langt som råd utforma i samråd med tenestemottakar og individuelt tilrettelagt</li> <li>• Gjev beskjed så snart som råd om avtalar må endrast</li> <li>• At tenestemottakar og pårørande sine ønskje for kvar dei ønskjer avslutte livet sine siste dagar, vert imøtekomen så langt som råd er</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vise vidare og kople inn andre tenester når ein ser behov for dette</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er tilstade ved avtalt heimebesøk, eller møter opp til avtalt tid</li> <li>• Melder frå så snart ein kan ved eventuelle endringar rundt ein avtale</li> <li>• Opptrer respektfullt ovanfor tenesteytar</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Hukommelsesteam

Type teneste	Hukommelsesteam (demensteam)
<b>Lovgrunnlag</b>	Tenesta er eit lågterskeltilbod som ikkje er heimla i lov.
<b>Klageadgang</b>	Ikkje krav om enkeltvedtak og difor ingen klageadgang.
<b>IPLOS-registrering</b>	Ja. IPLOS-tenestetype 251: Hukommelsesteam.
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
<b>Mål for tenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hukommelsesteamet er eit tilbod til personar over 65 år med demens eller mistanke om demens</li> <li>• Teamet gir også tilbod til pårørande</li> <li>• Teamet samarbeider med fastlege om utgreiing og kartlegging av mellom anna endra hukommelse, kognitive vanskar, daglege aktivitetar, døgnrytme, bustad, nettverk og pårørande sin situasjon</li> <li>• Teamet kan også bistå med testing dersom det er tvil om kognitive ferdigheiter i høve bilkøyring</li> <li>• Dersom det vert stilt demensdiagnose vil brukar og pårørande få tilbod om jamleg oppfølging frå teamet</li> </ul>
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestemottakar har ein demenssjukdom eller opplever endring i hukommelse / kognitiv funksjon og skal bli utreda for demens.</li> <li>• Oppstart av demensutgreiing må starte hos fastlege, og fastlege kan ta kontakt med hukommelsesteamet etter avtale med pasienten</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hukommelsesteamet er eit tverrfagleg team som er organisert under heimetenesta. Teamet består av sjukepleiar, ergoterapeut og den enkelte brukar sin fastlege</li> <li>• Ein kan ta direkte kontakt med hukommelsesteamet på telefon, eller be fastlege eller helsepersonell hjelpe til med å ta kontakt</li> <li>• Tenesta vert primært utført måndagar mellom kl. 8.00-16.00, med unntak av høgtidsdagar</li> </ul>

<b>Forventingar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Viser respekt og tillit</li> <li>• Overheld teieplikta</li> <li>• Oppfølging av tenestemottakar og pårørande 1-2 gonger i året, og elles ved behov</li> </ul>
<b>Forventingar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er tilstades når tenesteytar kjem</li> <li>• Gjev beskjed dersom avtalen må avlysast</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Andre tenester

### Parkeringsbevis

Type teneste	Parkeringsbevis
<b>Lovgrunnlag</b>	Parkeringsbevis er heimla i vegtrafikklova, FOR 1994-03-15 nr. Forskrift om parkering for forflytningshemmede.
<b>Klageadgang</b>	Ja
<b>IPLOS-registrering</b>	Nei
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
<b>Mål for tenesta</b>	Lette tilgjenge for personar med forflyttingsvanskar.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personar som ikkje kan gå eller som har store vanskar med å bevege seg over lengre avstand. Behovet må vere langvarig</li> <li>• Legeerklæring må leggest ved søknaden, eller ettersendast</li> <li>• Fører av motorvogn som har særleg behov for parkeringslette i samband med bustad, arbeid og/eller annan aktivitet til vedkomande og som ikkje kan gå eller har store vanskar med å bevege seg over noko lengde</li> <li>• Passasjer som har særleg behov for parkeringslette i samband med bustad, arbeid og/eller annan aktivitet fordi vedkomande ikkje kan gå eller har store vanskar med å bevege seg over lengre avstandar</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Søknad på eige skjema. Legeerklæring og passfoto må leggest ved. Erklæringa kan også fyllast ut av fysioterapeut dersom brukar har oppfølging av fysioterapeut. Søknaden vert ikkje handsama før det ligg føre legeerklæring</li> <li>• Parkeringsbevis vert gjeve for maks 5 år og minimum 2 år</li> <li>• Det må søkast på nytt med ny legeerklæring ved fornying</li> </ul>

<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenestemottakar tek ansvar for at legeerklæring vert sendt</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

## Følgjekort

Type teneste	Følgjekort
<b>Lovgrunnlag</b>	Dette er ikkje ei lovpålagd teneste.
<b>Klageadgang</b>	Nei
<b>IPLOS-registrering</b>	Nei
<b>Kostnad</b>	Det er ikkje krav om eigenbetaling.
<b>Mål for tenesta</b>	Motverke isolasjon og bidra til auka livskvalitet hjå menneske med nedsett funksjonsnivå.
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Brukaren har fysiske og/eller psykiske utfordringar som fører til at han/ho har trong for følgjeperson ved t.d. kinobesøk, kulturelle arrangement osv.</li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Følgjebeviset er eit dokument som er utforma som eit kort med bilete av brukaren. Dette beviset kan brukaren vise ved inngang til t.d. kino eller andre kulturelle arrangement, då det kan gje følgjeperson gratis inngang, evt. reduksjon i pris</li> <li>Følgjekortet er tidsavgrensa</li> <li>Det er servicekontoret på rådhuset som handsamar søknad og utstedar følgjekort</li> </ul>
<b>Forventningar til tenesteytar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Følgjekortet vert revurdert ved endring av behov</li> <li>Det går fram av beviset om brukar har trong for ein eller to personar som følgje</li> </ul>
<b>Forventningar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjev nødvendige opplysningar i høve til søknad, inklusiv passfoto. Evt. legeerklæring</li> <li>Gjer seg kjend med korleis følgjekortet skal nyttast</li> <li>Tek kontakt med kommunen ved endring i eigen situasjon</li> <li>Søker på nytt, inkl. nytt passfoto, før følgjekortet går ut på dato</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon

## Tilrettelagt transport TT-kort

Type teneste	Tilrettelagd transport TT-kort
<b>Lovgrunnlag</b>	<p>Dette er ikkje ei lovpålagd teneste. Møre og Romsdal fylkeskommune har overordna ansvar og har utarbeidd eigne retningsliner for ordninga <u>Retningsliner for transporttenesta</u> Volda kommune handsamar søknadar om TT-kort i samsvar med desse.</p>
<b>Klageadgang</b>	Ja
<b>IPLOS-registrering</b>	Nei
<b>Kostnad</b>	Eigenandel per tur/reise
<b>Mål for tenesta</b>	<p>Ordninga skal medverke til at personar med funksjonshemming skal kunne leve eit så aktivt liv som mogeleg.</p>
<b>Kriterium for tildeling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personar som på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming har store vanskar med å nytte offentleg transportmiddel</li> <li>• Søkar må ha ei varig fysisk eller psykisk funksjonshemming, det vil seie minimum eitt år</li> <li>• Varig forflyttingshemming knytt til visse delar av året</li> <li>• Kriterium som ikkje er grunnlag for tildeling: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Mangel på offentleg transport</li> <li>○ Naturleg alderdomssvekking utan anna funksjonshemming</li> </ul> </li> </ul>
<b>Praktiske opplysningar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilrettelagt transport (TT-ordninga) er eit tilbod om drosjetransport til personar som er varig forflyttingshemma på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming</li> <li>• Søknad på eige skjema. Legeattest eller attest frå fysioterapeut eller ergoterapeut må leggjast ved</li> <li>• TT-ordninga skal berre nyttast til lokale fritidsreiser, og ikkje til sjuketransport, legebesøk, reise til fysioterapi eller andre reiser som blir dekt av folketrygda</li> <li>• Brukar som har behov for følge kan ha med ein hjelper utan ekstra kostnad</li> <li>• Kommunen godkjenner brukarar av transporttenesta etter søknad på fastsett søknadsskjema</li> <li>• Verdikort/brukarkort skal ikkje fornyast. Det blir automatisk fylt på 2 gonger pr. år.</li> </ul>
<b>Forventingar til tenestemottakar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• At brukar tek godt vare på TT-kortet sitt, og sjølv bestiller nytt ved tap av kort</li> </ul>
<b>Merknad</b>	Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon